

Finn Ove Båtevik, Geirmund Dvergsdal og
Jørgen Amdam

Rapport nr. 32

Utviklingstrekk på Indre Nordmøre

Tittel	Utviklingstrekk på Indre Nordmøre
Forfattarar	Finn Ove Båtevik, Geirmund Dvergsdal og Jørgen Amdam
Prosjektlei	Finn Ove Båtevik
Sider	94
Prosjektnummer	17153
Prosjekttittel	Utviklingstrekk på Indre Nordmøre
Oppdragsgivar	Indre Nordmøre Næringsnettverk - Kommunane Rindal, Surnadal, Sunndal, Tingvoll og Halså v/Tingvoll Næringsforum
Ansvarleg utgivar	Møreforsking Volda
ISBN	978-82-7692-321-6
ISSN	1891-5981
Distribusjon	Open http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=1009 http://www.hivolda.no/fou
Nøkkelord	Arbeidsmarknad, befolkningsutvikling, entreprenørskap, regional utvikling, rekruttering, samarbeid

Rapporten «Utviklingstrekk på Indre Nordmøre» er ei oppfølging og oppdatering av rapporten «Dei fragmenterte samfunna – analyse av utviklingstrekk og utfordringar på Indre Nordmøre» frå 2004. Den nye rapporten tek mellom anna føre seg spørsmål knytt til sysselsetting og rekruttering av arbeidskraft, regionbygging og behovet for å identifisere felles utfordringar og utvikle samarbeidsarenaer på område der det kan vere grunnlag for å sette i gang felles tiltak.

© Forfattarar/Møreforsking Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforsking Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Forord

I 2004 utarbeidde Møreforsking rapporten «Dei fragmenterte samfunna – analyse av utviklingstrekk og utfordringar på Indre Nordmøre». Den føreliggande rapporten byggjer på dette arbeidet. Den nye rapporten er likevel meir enn ei oppdatering av analysane frå den gongen.

Målet har denne gongen vore å gjere ei analyse av sentrale trekk ved utviklinga på Indre Nordmøre og sjå denne i lys av utviklingstrekk i nærliggande regionar. Analysen skal danne utgangspunkt for vidare drøfting og arbeid blant utviklingsaktørar i regionen, så vel som andre aktørar som er involverte i utviklinga av regionen.

Oppdragsgivar har vore Indre Nordmøre Næringsnettverk, sett saman av kommunane Rindal, Surnadal, Halså, Sunndal og Tingvoll, der Anne Reiten Gilbert frå Tingvoll Næringsforum var vår kontaktperson. Vi takkar for oppdraget og godt samarbeid!

Samfunnsanalysen er utført med tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Volda, oktober 2012

Finn Ove Båtevik (prosjektleder)

Geirmund Dvergsdal

Jørgen Amdam

Innhald

Forord.....	5
Figurliste.....	8
Tabelliste.....	11
Utviklingstrekk på Indre Nordmøre.....	13
Felles utfordringar og felles strategi? – korleis kan kommunane på Indre Nordmøre gå vidare, i takt eller kvar for seg?	14
Syssettingsutvikling og rekrutteringsbehov.....	18
Rekruttering – ei utfordring?.....	28
Moment for vidare drøfting	39
Pendling.....	40
Moment for vidare drøfting	42
Innvandring – tilgang på ny arbeidskraft?.....	43
Moment for vidare drøfting	45
Befolkning i endring.....	46
Moment for vidare drøfting	52
Ein fragmentert region	53
Moment for vidare drøfting	56
Fritidseigedomar – ein ny vekstmarknad?	57
Kvar kjem eigarane frå?.....	57
Moment for vidare drøfting	61
Etablering og nyskaping – midlar frå Innovasjon Norge	62
Indre Nordmøre samanlikna med Orkangerregionen.....	63
Moment for vidare drøfting	64
Perspektiv på nyskaping og utviklingsarbeid på Indre Nordmøre	65
Dei største utfordringane for nyskaping og utvikling?	65
Endra kommunikasjonsmønster	65
Region utan by.....	66
Region utan regionsenter.....	66
Nordmøre – todeling i vekst og utvikling?	66
Dei største utfordringane for nyskaping og utvikling på Indre Nordmøre.....	67

Ulike utfordringar for ulike næringer og for ulike deler av regionen	69
Hemmande og fremjande faktorar for Indre Nordmøre.....	70
Viktige utviklingsaktørar	71
Reelt eller formelt samarbeid i regionen	71
Gründerregionen Indre Nordmøre.....	72
Moment for vidare drøfting	73
Fakta for kommunane på Indre Nordmøre	75
Referansar	94

#

Figurliste

Figur 1. Årleg endring i sysselsetting 2000-2011 i dei tre regionane. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Prosent.	18
Figur 2. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som har behov for å rekruttere arbeidskraft på ulike utdanningsnivå det næraste tiåret. Kjelde: Eigne data.	20
Figur 3. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som har behov for å rekruttere arbeidskraft på utvalde yrkesfelt. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	23
Figur 4. Endring i sysselsette etter næring og bustadregion. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	26
Figur 5. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som opplever det som vanskeleg å rekruttere arbeidskraft på utvalde yrkesfelt. Prosent bedrifter. Omfattar berre bedrifter med middels eller stort rekrutteringsbehov på det aktuelle yrkesfeltet. Kjelde: Eigne data.	28
Figur 6. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som opplever det som opplever utfordringar knytt til alder og gjennomtrekk. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	29
Figur 7. Sysselsette fordelt etter alder og region 2011. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	30
Figur 8. Sysselsette fordelt etter alder og region i jordbruk, skogbruk og fiske. 2011. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	30
Figur 9. Sysselsette fordelt etter alder og region i industrien. 2011. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	31
Figur 10. Sysselsette fordelt etter alder og region i offentleg administrasjon, forsvar, sosialforsikring, undervisning og helse- og sosialtenester. 2011. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	31
Figur 11. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som opplever rekrutteringa av arbeidskraft med høgare utdanning som lettare eller vanskelegare no, enn dei fem føregåande åra. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	32
Figur 12. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som opplever rekrutteringa av arbeidskraft med kortare utdanningar som lettare eller vanskelegare no, enn dei fem føregåande åra. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	33
Figur 13. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som trur at rekrutteringa av arbeidskraft med høgare utdanning blir lettare eller vanskelegare dei fem neste åra. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	33
Figur 14. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som trur at rekrutteringa av arbeidskraft med kortare utdanningar blir lettare eller vanskelegare dei fem neste åra. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	34
Figur 15. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kva forhold ved bedrifta dei meiner styrkar rekrutteringa. Ope spørsmål der kvar bedrift kunne nemne inntil 3 ulike svar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	34
Figur 16. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kva forhold ved lokalsamfunnet/regionen dei meiner styrkar rekrutteringa. Ope spørsmål der kvar bedrift kunne nemne inntil 3 ulike svar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	35
Figur 17. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kva forhold ved bedrifta dei meiner gjer rekruttering vanskeleg. Ope spørsmål der kvar bedrift kunne nemne inntil 3 ulike svar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	36
Figur 18. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kva forhold ved lokalsamfunnet/regionen dei meiner gjer rekruttering vanskeleg. Ope spørsmål der kvar bedrift kunne nemne inntil 3 ulike svar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	37

Figur 19. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter i kva grad dei opplever at det å skaffe arbeid til to i same hushald skaper vanskar for rekrutteringa. Basert på konkret oppfølgingsspørsmål til alle bedriftene. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	38
Figur 20. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som hentar arbeidskraft utan høgare utdanning frå eigen og andre kommunar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	38
Figur 21. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som hentar høgare utdanna arbeidskraft frå eigen og andre kommunar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	39
Figur 22. Pendlarar som pendlar ut frå Indre Nordmøre etter oppmøteregeion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB	41
Figur 23. Pendlarar som pendlar til Indre Nordmøre etter buregion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB	42
Figur 24. Andel innvandrara blant sysselsette fordelt etter region. 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB	43
Figur 25. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som brukar rekruttering av utanlandsk arbeidskraft som langsiktig strategi for å sikre tilgang til arbeidskraft med høgare utdanning. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	44
Figur 26. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som brukar rekruttering av utanlandsk arbeidskraft som langsiktig strategi for å sikre tilgang til arbeidskraft utan høgare utdanning. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	44
Figur 27. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som brukar rekruttering av utanlandsk arbeidskraft for å avhjelpe akutt mangel på arbeidskraft med høgare utdanning. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	45
Figur 28. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som brukar rekruttering av utanlandsk arbeidskraft for å avhjelpe akutt mangel på arbeidskraft utan høgare utdanning. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.	45
Figur 29. Prosentvis endring i folketal 1.1.2003-1.1. 2012 fordelt på region. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	46
Figur 30. Kvinner i alderen 30-39 år etter buregion. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	46
Figur 31. Relativ utviklinga av aldersgruppa 10-14 år i forhold til aldersgruppa 50-54-år i perioden 1987-2012 etter region. 1987-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	49
Figur 32. Netto innanlandsk flytting for tre regionar 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	49
Figur 33. Nettoinnvandring for tre regionar 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	50
Figur 34. Samla flyttebalanse for tre regionar. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	50
Figur 35. Andel innvandrara i befolkninga fordelt etter opphavsregion og buregion. 2003 og 2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	51
Figur 36. Endring i innvandringsgrupper etter opphavsregion og buregion. Perioden 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	51
Figur 37. Omsetting per innbyggjar i detaljvarer fordelt på region. 2008, 2009, 2010 og 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	53
Figur 38. Største lokal- eller regionavis i kommunane. 2010. Kjelde: Aviskatalogen.	55
Figur 39. Dekningsgraden for Aure Avis i ulike kommunar på Indre Nordmøre. Kjelde: Aviskatalogen.	55
Figur 40. Dekningsgraden for Driva i ulike kommunar på Indre Nordmøre. Kjelde: Aviskatalogen.	56
Figur 41. Etablerte fritidseigedomar på Indre Nordmøre i perioden 1990 - 2010, per kommune. I desse tala inngår også naust, garasjar og liknande som blir registrert under same eigedomskode som fritidseigedomar. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.	57
Figur 42. Omsette fritidseigedomar 2006 - 2010 fordelt etter eigarane si bustadadresse. Orkanger omfattar kommunane Orkdal, Meldal, Hemne, Snillfjord og Agdenes. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.	58
Figur 43. Omsette fritidseigedomar i Rindal 2006 - 2010 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.	59
Figur 44. Omsette fritidseigedomar i Surnadal 2006 - 2010 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/ Infoland.	59

Figur 45. Omsette fritidseigedomar i Sunndal 2006 - 2010, fordelt etter eigarane si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde Statens kartverk/ Infoland.	60
Figur 46. Omsette fritidseigedomar i Tingvoll 2006 - 2010, fordelt etter eigarane si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde Statens kartverk/ Infoland.	60
Figur 47. Omsette fritidseigedomar i Halså 2006 – 2010, fordelt etter eigarane si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde Statens kartverk/ Infoland.	61
Figur 48. Netto løyvde midlar frå Innovasjon Norge 2007, 2008 og 2009 - alle næringskategoriar. Kjelde: Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste AS	62
Figur 49. Løyvde midlar 2007 - 2009 i høve til folketal, alle næringskodar. Kjelde Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste AS	63
Figur 50. Kommunane på Indre Nordmøre og Orkangerregionen rangert etter tal saker i høve til folketalet. Kjelde Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste AS.	63
Figur 51. Sysselsette fordelt etter alder og kommune 2011 . Per 4. kvartal. Prosent.	76
Figur 52. Endring i sysselsette etter næring og bustadkommune. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	83
Figur 53. Endring i sysselsette etter næring og bustadkommune. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	84
Figur 54. Andel innvandrara blant sysselsette fordelt etter region. 2008-2010.	88
Figur 55. Omsetting per innbyggjar i detaljvarer fordelt på bukommune. 2008, 2009, 2010 og 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	89
Figur 56. Prosentvis endring i folketal 1.1.2003-1.1. 2012 fordelt på kommune. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	89
Figur 57. Relativ utviklinga av aldersgruppa 10-14 år i forhold til aldersgruppa 50-54-år i perioden 1987-2012 etter kommune. 1987-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB	90
Figur 58. Netto innanlandsk flytting for kommunane på Indre Nordmøre 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	91
Figur 59. Nettoinnvandring for kommunane på Indre Nordmøre. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	91
Figur 60. Samla flyttebalanse for kommunane på Indre Nordmøre. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	91
Figur 61. Andel innvandrara i befolkninga fordelt etter opphavsregion og bukommune. 2003 og 2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	92
Figur 62. Endring i innvandringsgrupper etter opphavsregion og bukommune. Perioden 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	92
Figur 63. Kvinner i alderen 30-39 år etter kommune. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	93

Tabelliste

Tabell 1. Samla endring i sysselsetting i dei tre regionane 2003, 2007 og 2011. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent.	18
Tabell 2. Endring i sysselsetting i dei tre regionane 2003, 2007 og 2011 fordelt på kjønn. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent.	19
Tabell 3. Sysselsette etter region og utdanningsnivå 2003, 2007 og 2011. Andel og endring. Prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.	21
Tabell 4. Endring i sysselsetting etter fagfelt og region 2005-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	22
Tabell 5. Endring i sysselsetting etter yrkesfelt og region 2005-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	24
Tabell 6. Endring i sysselsetting etter næring og region 2005-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	25
Tabell 7. Endring i sysselsetting etter bustadregion og sektor. 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB	27
Tabell 8. Sysselsette i bergverksdrift og utvinning. Andel av alle sysselsette og endring 2010-11 fordelt etter buregion. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	27
Tabell 9. Sysselsette etter bustad fordelt på region. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	40
Tabell 10. Sysselsette etter arbeidsstad fordelt på region. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	40
Tabell 11. Eigendekning av arbeidsplassar fordelt på kommunar. Endring 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	40
Tabell 12. Utpendling frå Indre Nordmøre fordelt etter oppmøteregeion. Endring 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	41
Tabell 13. Innpendling til Indre Nordmøre fordelt etter buregion. Endring 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	42
Tabell 14. Endringar av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1987 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2012. Tabellen viser også endringar i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Ytre Nordmøre. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	47
Tabell 15. Endringar av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1987 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2012. Tabellen viser også endringar i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Indre Nordmøre. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	47
Tabell 16. Endringar av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1987 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2012. Tabellen viser også endringar i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Orkanger. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	48
Tabell 17. Utviklinga i aldersgruppene 10-14 år og 50-54 år etter region. 1987, 1992, 1997, 2002, 2007, 2012. Faktiske tal. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	48
Tabell 18. Lokalisering av regionale sentralstadsfunksjonar på Indre Nordmøre. Kjelde: Opplysningar frå kommunane sjølve.	54
Tabell 19. Største lokal- eller regionavis i kommunane. 2010. Kjelde: Aviskatalogen.	55
Tabell 20. Årleg endring i sysselsetting 2001-2011 fordelt på kommunar. Per 4. kvartal Prosent.	75
Tabell 21. Sysselsette fordelt etter bustadkommune 2003, 2007 og 2011. Per 4. kvartal. Prosent.	75
Tabell 22. Endring i sysselsetting fordelt etter bustadkommune 2003, 2007 og 2011 fordelt på kjønn. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent.	75
Tabell 23. Sysselsette fordelt innan jordbruk, skogbruk og fiske, fordelt etter bustadkommune og alder 2011. Per 4. kvartal. Prosent.	76
Tabell 24. Sysselsette fordelt innan industri, fordelt etter bustadkommune og alder 2011. Per 4. kvartal. Prosent.	76
Tabell 25. Sysselsette fordelt innan offentleg administrasjon, forsvar, sosialforsikring, undervisning og helse- og sosialtenester, fordelt etter bustadkommune og alder 2011. Per 4. kvartal. Prosent.	77
Tabell 26. Sysselsette etter region og utdanningsnivå 2003, 2007 og 2011. Andel og endring. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	77
Tabell 27. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og fagfelt. Indre Nordmøre 2005- 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	78

Tabell 28. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og fagfelt. Indre Nordmøre 2005-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB	79
Tabell 29. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og yrkesfelt. Indre Nordmøre 2007-2010. Kjelde: Statistikkbanken, SSB	80
Tabell 30. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og næring. Indre Nordmøre 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB	81
Tabell 31. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og sektor. Indre Nordmøre 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB	82
Tabell 32. Sysselsette i bergverksdrift og utvinning. Andel av alle sysselsette og endring 2010-11 fordelt etter kommune. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	85
Tabell 33. Sysselsette etter bustad fordelt på kommunar. Endring 2003-2011.	85
Tabell 34. Sysselsette etter arbeidsstad fordelt på kommune. 2003-2011.	85
Tabell 35. Utpendling frå Tingvoll. Endring 2003-11.	85
Tabell 36. Utpendling frå Sunndal. Endring 2003-11.	86
Tabell 37. Utpendling frå Surnadal. Endring 2003-11.	86
Tabell 38. Utpendling frå Rindal. Endring 2003-11.	86
Tabell 39. Utpendling frå Halså. Endring 2003-11.	86
Tabell 40. Pendling til Tingvoll. Endring 2003-11.	87
Tabell 41. Pendling til Sunndal. Endring 2003-11.	87
Tabell 42. Pendling til Surnadal. Endring 2003-11.	87
Tabell 43. Pendling til Rindal. Endring 2003-11.	88
Tabell 44. Pendling til Halså. Endring 2003-11.	88
Tabell 45. Utviklinga i aldersgruppene 10-14 år og 50-54 år etter kommune. 1987, 1992, 1997, 2002, 2007, 2012. Faktiske tal. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.	90

Utviklingstrekk på Indre Nordmøre

Møreforskning gjennomførte i 2004 ein analyse av utviklingstrekk og utfordringar på Indre Nordmøre (Amdam og Båtevik 2004). Den føreliggande rapporten er tenkt som ei oppfølging og oppdatering av det arbeidet som vart gjort i 2004, der både faktadelen og den strategiske analysen blir revidert. Den meir grunnleggande tankegangen for analysen byggjer på det tankegodset som låg til grunn for arbeidet i 2004. Den som vil sjå nærare på basisen for tenkinga, vil finne meir om dette i den føregåande rapporten.

Den nye rapporten er ei vidareføring av analysane frå 2004, samtidig som nye tema har kome med. Dette betyr også at ein del tema blir løfta sterkare fram for ein breiare gjennomgang i den nye analysen. I hovudsak er det lagt vekt på å bruke data som dekkjer perioden frå 2003 framover. Der det er føremålstenleg, blir også utviklinga sett i eit lenger tidsperspektiv. Vidare vil det vere slik at tilgang på data gjer at vi i nokre tilfelle berre kan sjå på delar av den perioden.

Referanseregionane er ikkje dei same som for analysen i 2004. Det har vore lagt vekt på finne tre regionar som det vil vere «naturleg» å sjå utviklinga på Indre Nordmøre i forhold til. Analysen gir, i dei tilfelle datagrunnlaget gir rom for det, ei samanlikning av Indre Nordmøre, Ytre Nordmøre og Orkangerregionen. Dette gir for det første høve til å samanlikne utviklingstrekk mellom ytre og indre delar av Nordmøre. I tillegg kan ein samanlikne med ein annan nærliggande region som i folketal er omtrent jamstor med Indre Nordmøre. Indre Nordmøre omfattar kommunane Surnadal, Rindal, Halså, Sunndal, Tingvoll og Nesset (19.978 innbyggjarar i 2012). Orkangerregionen omfattar kommunane Orkdal, Hemne, Snillfjord, Agdenes og Meldal (22.270 innbyggjarar i 2012). Ytre Nordmøre omfattar kommunane Gjemnes, Eide, Averøy, Kristiansund, Smøla og Aure og er i folketal den klart største av dei tre regionane (41.120 innbyggjarar i 2012).

Utviklinga på arbeidsmarknaden og demografiske utfordringar knytt til å rekruttere arbeidskraft i åra som kjem er eit sentralt punkt i den nye analysen. I ei tid der store kull er på veg ut av arbeidsmarknaden og dei kulla som kjem inn er langt mindre, vil konkurransen om arbeidskraft vere ein sentral variabel for regional utvikling i åra som kjem. Dette er eit tema som knyter opp mot fleire problemstillingar, mellom anna verknad av utdanningsval, behov for høgt utdanna arbeidskraft og ikkje minst innvandring særleg knytt til arbeidsinnvandring.

Befolkningsutviklinga er ein heilt sentral del av utviklinga av regionen, og har ein naturleg plass i ein analyse som dette. Tema knytt til faktorar som knyter samfunna på Indre Nordmøre saman og splittar dei er ei naturleg oppfølging av rapporten frå 2004. Det same gjeld nyskaping og utviklingsarbeid, der vi mellom anna baserer analysen på tal frå Innovasjon Norge.

Rapporten dokumenter sentrale utviklingstrekk på Nordmøre, sett i lys av både statistikk og personlege intervju med ulike nøkkelpersonar som representerer både samfunns- og næringsliv i regionen. På bakgrunnen av dette blir trådane samla i ei strategisk drøfting av dei utfordringane regionen står overfor. Vi har valt å starte rapporten med denne drøftinga. Den som vil lese grunnlaget for dei tankane som løfta fram i drøftinga, vil finne desse i analysane i dokumentasjonsdelen. I tillegg er det utarbeidd ein eigen faktadel, der tal for enkeltkommunane blir presenterte.

Felles utfordringar og felles strategi? – korleis kan kommunane på Indre Nordmøre gå vidare, i takt eller kvar for seg?

Framleis fragmentering. I rapporten frå 2004, vart det lagt vekt på dei trekka som gjer at Indre Nordmøre framstår som ein fragmentert region, ein region som kan samlast rundt ein felles identitet knytt til heile Nordmøre.

Indre Nordmøre framstår som eit fragmentert samfunn på grunn av dårlege interne kommunikasjonar, kulturell splitting mellom bonde- og arbeidarkultur og svak sams identitet, samstundes som ein har fellesskap i liten vekstkraft og perifer lokalisering. Regionen er storeksportør av råvarer, men i aukande grad er denne også supplert med stor nettoeksport av ungdom – spesielt unge kvinner. Den individuelle og næringsretta entreprenørskapen er lav, samstundes som området har sterke tradisjonar innan kollektivt entreprenørskap. Samstundes har området, paradoksalt nok, dei største reine forskingsmiljøa i Møre og Romsdal og høg kompetanse og kunnskap innan friluftsliv og utmarksnæring.

Amdam og Båtevik 2004, 5

Det er ikkje noko grunn til å endre konklusjonane frå analysen den gongen i vesentleg grad. På mange måtar er det utviklingstrekk som peikar i retning av denne tendensen til fragmentering på enkelte område har vorte sterkare. Gjennom framveksten av Kristiansund som oljeby, samstundes som ytre delar og Romsdal også har hatt ei sterk utvikling, ikkje minst knytt til olje- og gassrelaterte næringar, har for eksempel pendlinga i retning kysten auka monaleg. Det ligg ein styrke i det at kommunane på Indre Nordmøre kan knyte seg til andre regionar og dermed også dra nytte av aktivitet som skjer der, anten det er snakk om oljeaktiviteten i Kristiansund eller det breie tilbodet Trondheim har på ulike felt. Samtidig ligg det ei klar utfordring i at regionen kan bli «tappa» for utviklingskraft, dersom dette gjer at ein forsømer intern utvikling av regionen.

Spørsmålet er både om det er grunnlag for, og viktig for kommunane i regionen å gå i takt. Ein del av utviklingspotensialet i regionen ligg i at enkeltkommunar i sterkare grad har vorte involverte i utviklinga til andre naboar enn dei som høyrer til Indre Nordmøre. Det er for eksempel slik at dei to kommunane som opplever den mest positive sysselsettingsutviklinga, er kommunar som er har klare koplingar ut av regionen; Tingvoll og Rindal. Tingvoll har fått ei tettare og tettare kopling til arbeidsmarknaden i Kristiansund og kan vente at denne tilknytninga blir ytterlegare forsterka når bompengane forsvinn for Krifast. I Rindal har ein vore medvitne på å utvikle eit sterkare forhold til Orkdal og Trondheim.

Samtidig har Indre Nordmøre ein del felles utfordringar. Dette er ikkje utfordringar som er spesielle for regionen, men som er felles for fleire eller eventuelle alle kommunane i regionen. Det er mykje som tyder på at dette er utfordringar som ein også har felles med fleire kommunar i indre fjordstrøk på Vestlandet.

Folk og arbeidsplassar – rekrutteringsutfordringar. Befolkningsutviklinga fungerer ofte som ein temperaturmålar for den regionale veksten. Folk og arbeidsplassar heng saman. Tradisjonelt er vi vane med å tenke på at vekst i arbeidsplassar gir vekst i befolkninga. Slik er det nok framleis i 2012. Dette er i alle fall ein del av utfordringa. Når Indre Nordmøre har hatt ei svak befolkningsutvikling dei siste åra, er det naturleg å sjå dette i samheng med svak utvikling i sysselsettinga, ikkje minst i viktige næringar som landbruk og industri. Her har regionen hatt ei heilt anna utvikling enn dei naboregionane som vi har brukt som referanseregionar. Slik sett det ei utfordring i at næringslivet i

sterkare grad kan kople seg på den veksten som kystområda er ein del av. Ser ein på meir enn hovudtala, vil det også vere konkrete bedrifter som alt er kopla på denne utviklinga. Denne aktiviteten har likevel vore for liten til å vege opp for nedgang på andre område.

Samtidig er det å rekruttere arbeidskraft ei utfordring for mange. Dette kan høyrast ut som eit paradoks, men det kan vere gode grunnar til at det er slik. Det er også gode grunnar til å tru at det å rekruttere arbeidskraft kan bli ei større utfordring framover.

Mange næringar står overfor ei stor utskifting av arbeidsstokken dei næraste åra. Store årskull er etter kvart på veg over i pensjonsalderen. Dette gjeld ikkje minst i delar av offentleg sektor. Dette gjer spørsmålet om rekruttering av arbeidskraft til eit nøkkelspørsmål framover. Utfordringa er særleg store i distrikta, der eigenrekrutteringa er i ferd med å bli redusert.

Sjølv om det har vore relativt høge fødselstal i Norge, har endringar i fødselstal og utflytting blant dei som etter kvart har gått over til å bli foreldregenerasjonen ført til at rekrutteringsgrunnlaget er svekka. Medan ein tidlegare kunne sikre ei rimeleg rekruttering berre gjennom dei som bli igjen av eigen ungdom og dei som dei «tok med seg» til regionen gjennom ekteskapsmarknaden, er dette grunnlaget mindre. Fødselsoverskotet er ikkje nok til å gi vekst i seg sjølv. Det er nesten 250 færre 10-14-åringar på Indre Nordmøre i 2012 enn 25 år tidlegare. Det har vorte færre å ta av.

Samtidig endrar behovet for arbeidskraft seg. Ein større del av etterspurnaden dreiar seg om høgskule- og universitetsutdanna arbeidskraft, noko som gjer at ein ofte spør etter ein meir spesifikk form for kompetanse. Skal ein då basere rekrutteringa på «eigenprodusert» arbeidskraft, er ein avhengig av ungdom frå bygda, kommunen eller regionen har teke den typen kompetanse som blir etterspurd, og at det passar inn i deira «livsløp» å gå inn i jobben når den er ledig. I praksis vil ein i nokon grad kunne kompensere ein del for dette med å gi rom for vidare kvalifisering for dei som alt er i organisasjonen. Det er likevel mykje som tilseier at ein i større grad enn tidlegare må rekruttere arbeidskraft utanfrå og at ein er avhengig av dette for å sikre vekstkraft. I ein slik situasjon blir tilgangen på arbeidskraft ein føresetnad for vekst. Regionen må då vere attraktiv for tilflytting

På mange måtar kan ein seie at ein viktig føresetnad for veksten i Møre og Romsdal dei siste åra, har vore at ein har hatt ein arbeidsmarknad som har vore attraktiv for arbeidskraft utanfrå, ikkje minst gjennom arbeidsinnvandring. Slik innvandring har hatt relativt lite omfang på Indre Nordmøre. Sjølv om det er slik at delar av næringslivet i regionen har nedbemanna og ikkje har stort rekrutteringsbehov, er det andre, både i privat og offentleg sektor som har det annleis. Det kan vere eit signal når enkeltbedrifter gir uttrykk for at dei ikkje kan vekse meir, i alle høve ikkje utan å gå ut av regionen, fordi dei ikkje greier å rekruttere nok av den typen kompetanse som dei treng.

Regionbygging. På same måte som i 2004, er regionbygging ei utfordring for utviklinga av regionen. I den grad kommunikasjonane er utvikla i regionen, er det i alle fall når det gjeld vegutbygging små endringar med tanke på intern styrking av regionen. Vegstandarden er kraftig utbetra mellom Sunndal og Molde, noko som primært har betyding for kontakten ut frå regionen. Samtidig er bompengane i retning Kristiansund i ferd med å bli avvikla, noko som kan styrke kontakten til ytre for ein del av kommunane. Truleg vil dette kunne gi spore til ein ytterlegare vekst i pendlinga som går i retning kysten. Det kan sjølv sagt også opne for meir kontakt mellom næringslivet på ytre og i indre, og såleis opne for nye vekstimpulsar. Ferjefrie fjordkryssingar der fjorden deler regionen i to, ligg derimot fram i tid. Her ligg også ein kime til interessekonflikt mellom kommunane i regionen, i og

med at fleire alternativ for fjordkryssing er aktuelle. Indre alternativ har i størst grad potensiale for regionbygging internt, med kommunane Surnadal og Sunndal som dei sentrale regionane. Eit ytre alternativ, med dagens E39 som utgangspunkt, vil gi ei sterkare kopling mot Kristiansund, særleg for Halså, men også i ein viss grad for Surnadal. For Surnadal og særleg for Rindal, er likevel koplinga til Trondheim så sterk, at den regionale betydninga av eit slikt prosjekt kan bli avgrensa. Ulike vegprosjekt vil såleis kunne gi varierende regionale effektar. I rapporten «Potensiale for regionforstørring», blir det til dømes peika på at kyst- og fjordområda frå Sognefjorden til og med Nordmøre (i tillegg til ein del område andre plassar i landet), *framstår med et vesentlig potensial for regionforstørring* (Engebretsen og Gjerdåker 2012). Dette vil likevel variere i forhold til kva vegprosjekt som blir realiserte. Faktorar som er vesentlege her kan vere kor store befolkningskonsentrasjonar som blir koplå saman, reiseavstanden mellom desse etter vegutløysinga, næringsstruktur i områda som blir koplå saman, i kva grad ein gjennom vegutløysinga aukar tilgangen til regionale funksjonar, i kva grad ein legg grunnlag for å etablere nye regionale funksjonar og nye servicetilbod gjennom at marknaden for slike blir utvida, kva alternativ ein har til dømes gjennom nærleiken til større byar med eit breiare spekter av regionale funksjonar og etablerte servicetilbod og ikkje minst i kva grad ein har vilje og evne til å legge til rette og gripe dei mulegheitene som ligg i ei slik regionutviding (Båtevik og Dvergsdal 2012). Det som i alle fall er sikkert for Indre Nordmøre sin del, er at det vil gå mange år før ei ny fjordkryssing blir realisert. I mellomtida må andre faktorar erstatte den limen som elles kan ligge i ei eventuell ferjefri fjordkryssing.

I rapporten frå 2004 peika vi på at interne kommunikasjonsforbetringar i lag med raskare veg til Trondheim ville vere med på å skape både regionutviding og betre tilknytning til arbeids- og kunnskapsmiljøet i Trondheim. Denne vurderinga står fortsatt ved lag. I tillegg har oljeverksemda i Kristiansund skapt nye utfordringar og moglegheiter som bør utnyttast gjennom kommunikasjonsforbetringar. At arbeidsmarknaden i Kristiansund-området er attraktivt viser att i auken i arbeidsreisene frå Indre Nordmøre. Betre kommunikasjonar mot Indre Nordmøre vil også kunne påverke interessa for tettare samarbeid mellom næringsinteresser.

Hydro – på godt og vondt. Det er også framleis slik at det som skjer med og rundt Hydro, set eit klart preg på regionen, både på godt og vondt knytt opp til endra konjunkturar med utbyggings- eller stagnasjonsperiodar. I tillegg er fleire delar av regionen i sterk grad avhengig av rammevilkåra for landbruket, gitt at dette er ei næring som står sterkt i fleire av kommunane.

Kultur for utvikling? Det ligg eit potensiale i det som blir omtala som ein kultur for å støtte opp og fremje utviklinga i regionen. Viljen til nyskaping og etablering blir opplevd som reell og dette har også gitt utslag i konkrete og levedyktige etableringar. Støtteapparatet i kommunen blir opplevd som aktive. Det er også døme på at det er utvikla samarbeid der ein har teke utgangspunkt i regionen eller i alle høve delar av regionen. Det er likevel grunn til å understreke at det totalt sett er få reelle samarbeidsarenaer for Indre Nordmøre. Dei tilløp som har vore blir gjerne opplevd å ha ad hoc-karakter, samtidig som dei samarbeidsarenaene som ein deltek i vel så ofte peikar ut av regionen i staden for å bygge interne arenaer. Derfor blir det også etterlyst premissleverandørar som tenkjer fellesskap og fremjar samhandling, gitt at målsetjinga er å byggje regionen internt.


Friluftsliv, opplevingar og reiseliv vart i rapporten frå 2004 peikt ut som område der det ligg til rette for vidare vekst på Indre Nordmøre (Amdam og Båtevik 2004). Det er ei oppfatning blant aktørar i regionen at dette potensialet ikkje er utnytta, sjølv om det er kommunar i regionen som har ein del

hyttebygging. Spørsmålet er plasseringa, som ein nærmarknad for hyttebygging for Molde, Kristiansund og Trondheim, gir grunnlag for ytterlegare utvikling av slik utbygging.

Felles utfordringar. Sjølv om det er forskjellar mellom kommunane på Indre Nordmøre, er som sagt fleire av dei utfordringane som er nemnde her felles. Spørsmålet er om desse utfordringane er nok til å danne basis for vidare samarbeid framover, og korleis ein kan tenke eit slikt samarbeid. At kommunane har ulike interesser og inngår i ulike samarbeidskonstellasjonar som peikar ut av regionen, er ikkje noko hinder for at ein også utviklar det interne samarbeidet. Om målsetjinga er å byggje ein felles region, med eit klart definert regionsenter osv., er kanskje målsettinga for ambisiøs. Om målsetjinga er å finne saman om konkrete samarbeidsprosjekt, så er det gjerne meir realistisk å få det til. Slike samarbeidsprosjekt har ein hatt, og har framleis eksempel på. Oppgåva vidare kan vere å identifisere behovet for å utvikle fleire slike prosjekt, på basis av dei felles utfordringane ein opplever som felles for heile eller delar av regionen.

Sysselsettingsutvikling og rekrutteringsbehov

Sysselsettinga i produserande næringer har tradisjonelt vore stor på Indre Nordmøre. Den sterke posisjonen industrien har hatt, særleg på Sunndalsøra, påverkar sysselsettingsutviklinga for regionen sett under eitt. I analysen frå 2004, såg ein verknadane av utbygging av verket på Sunndalsøra, mellom anna gjennom ein sterk vekst i bygg- og anleggsnæringane (Amdam og Båtevik 2004). Landbruksnæringa har også tradisjonelt stått sterkt i regionen, ei næring som også i sterk grad har sett sitt preg på samla sysselsettingsutvikling i regionen. Samtidig veks nye næringer fram, både internt i regionen og ikkje minst i naboregionane, der oljerelaterte næringer er i sterk vekst. Både Ytre Nordmøre, med Kristiansund i spissen og Molde-regionen har ei utvikling som er sterkt prega av olje- og gassverksemda i Nordsjøen i perioden etter 2004.



Figur 1. Årleg endring i sysselsetting 2000-2011 i dei tre regionane. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Prosent.¹

Tabell 1. Samla endring i sysselsetting i dei tre regionane 2003, 2007 og 2011. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent.

Region	2003	2007	2011	Endring i prosent 2003-07	Endring i prosent 2007-11	Endring 2003-07	Endring 2007-11
Ytre Nordmøre	18.911	20.604	20.811	9,0	1,0	1693	207
Indre Nordmøre	9.987	10.357	9.940	3,7	-4,0	370	-417
Orkanger	10.262	11.161	11.137	8,8	-0,2	899	-24
Samla for dei tre regionane	39.160	42.122	41.888	7,6	-0,6	2962	-234

¹ På grunn av endringar i registreringane hos Statistisk sentralbyrå, er 15-åringar rekna med i statistikken frå og med 2005. I praksis gav dette ein auke på 60 sysselsette personar for Indre Nordmøre sin del, ein auke som ikkje var reell, men altså skuldast omlegging av grunnlaget for statistikken.

Generelt sett varierer sysselsettingsutviklinga med økonomiske konjunkturarar nasjonalt og internasjonalt. Samtidig er det regionale variasjonar i dette biletet. Indre Nordmøre er såleis den einaste av dei tre regionane som har hatt samla nedgang i sysselsettinga i perioden 2003-2011. Nedgangen er likevel ikkje sterk. Den har samla gitt 47 færre sysselsett i 2011 jamført med 2003. I forhold til Ytre Nordmøre og Orkangerregionen skil regionen seg også ut ved at den har hatt mindre vekst enn dei to andre regionane i vekstperiodar. Dei har også hatt sterkare nedgang i stagnasjonsperiodar i sysselsettingsutviklinga. Tingvoll, den kommunen som ligg nærast Kristiansund, og Rindal, skil seg ut ved at dei begge har hatt samla sett har vekst i sysselsettinga i perioden.

Tabell 2. Endring i sysselsetting i dei tre regionane 2003, 2007 og 2011 fordelt på kjønn. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent.


		2003	2007	2011	Endring i prosent 2003-07	Endring i prosent 2007-11	Kjønnsandel 2003	Kjønnsandel 2011
Ytre Nordmøre	Menn	10224	11166	11266	9,2	0,9	54,1	54,2
	Kvinner	8687	9438	9545	8,6	1,1	45,9	45,8
Indre Nordmøre	Menn	5436	5597	5338	3,0	-4,6	54,4	54,0
	Kvinner	4551	4760	4602	4,6	-3,3	45,6	46,0
Orkanger	Menn	5521	5975	5994	8,2	0,3	53,8	53,5
	Kvinner	4741	5186	5143	9,4	-0,8	46,2	46,5

Det er lite skilnad mellom dei tre regionane når det gjeld andel kvinner blant dei sysselsette. Indre Nordmøre kan vise til ei lita betring i perioden, i motsetnad til Ytre Nordmøre der andelen kvinner er litt redusert.

Produksjonsnæringane er viktige for Indre Nordmøre. Utviklinga av desse næringane, krev ikkje berre tradisjonell fagkompetanse, men også høgt kvalifisert personell. Det teknologiske nivået blir høgare. Nye produksjonsmåtar og nye produkt, krev annan produksjonskompetanse. Offentleg sektor har mange stillingar som krev formell kompetanse utover vidaregåande opplæring. Samtidig veit vi at Møre og Romsdal er det fylket der tetttheita av akademikarar er minst i heile landet, det vil seie yrke som siviløkonomar, sivilingeniørar, forskarar, juristar og mange fleire. I tillegg har Møre og Romsdal færre enn landsgjennomsnittet i såkalla høgskuleyrke, det vil seie i yrke som til dømes lærarar, sjukepleiarar og ingeniørar. Fylket har kort og godt få kompetansesarbeidsplassar. Om bedriftene i fylket skal kome opp mot det som er gjennomsnittet for landet, vil det vere behov for ein monaleg vekst.

Mange bedrifter i Møre og Romsdal, både offentlege og private, gir klart uttrykk for eit behov for at dei treng å styrke tilgangen på arbeidskraft med høgare utdanning (Båtevik og Tangen 2010). Bedriftene på Indre Nordmøre er ikkje noko unntak.²

² Opplysningane her er basert på ei undersøking som blei gjennomført hausten 2009. Denne undersøkinga er supplert med intervju blant 4 bedrifter på Indre Nordmøre, som ikkje var med i den opphavlege undersøkinga.



Figur 2. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som har behov for å rekruttere arbeidskraft på ulike utdanningsnivå det næraste tiåret. Kjelde: Eigne data.

Tilbakemeldingane frå bedriftene både på Ytre og Indre Nordmøre peikar på ei utvikling som går mot at ein stadig aukande del av arbeidsstyrken treng høgare utdanning. Bedriftene opplever at rekrutteringsbehovet er stort om ein ser ti år fram i tida, særleg med tanke på arbeidskraft med høgskule- og universitetsutdanningar. Blant dei 16 bedriftene på Indre Nordmøre, bedrifter som i dette tilfelle representerer store og mellomstore bedrifter i regionen både i privat og offentleg sektor, har alle i nokon eller i stor grad behov for å rekruttere arbeidskraft med høgskule- eller universitetsutdanningar.³

Dette treng ikkje tolkast som at behovet for arbeidskraft med kortare utdaningar er lite. Det er likevel eit klart uttrykk for at mange har særleg merksemd på behovet for høgare utdanna arbeidskraft i åra som kjem. Dette vil ofte vere ein naturleg konsekvens av ein stadig meir kompetansebasert produksjon, anten det er snakk om produksjon av varer eller tenester.

³ Undersøkinga omfattar både produksjons- og tenesteytande bedrifter. Dei større og mellomstore bedriftene er overrepresenterte. Sjølv om den minste bedrifta som er med har 4 tilsette, er det samla berre 18 prosent av bedriftene i utvalet som har færre enn 20 tilsette. Det er såleis ikkje snakk om eit representativt utval bedrifter. Enkelte bransjar er ikkje representerte i det heile, som til dømes transportnæringa og bygg- og anleggsnæringa.

Tabell 3. Sysselsette etter region og utdanningsnivå 2003, 2007 og 2011. Andel og endring. Prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

		Andel 2003	Andel 2007	Andel 2011	Endring prosent- poeng 2003-07	Endring prosent- poeng 2007-11	Endring faktiske tal 2003-07	Endring faktiske tal 2007-11
Ytre Nordmøre	Vidaregåande og lågare	76,5	73,5	69,1	-3,0	-4,4	668	-772
	Univ. - og høgskuleutd., 1-4 år	18,6	19,0	20,3	0,5	1,3	412	309
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	2,8	2,9	3,7	0,1	0,8	71	164
	Uoppgitt utdanning	2,1	4,6	6,9	2,5	2,4	542	506
Indre Nordmøre	Vidaregåande og lågare	78,7	76,3	73,6	-2,4	-2,7	43	-590
	Univ. - og høgskuleutd., 1-4 år	16,3	16,6	18,6	0,3	2,0	94	126
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	3,3	3,5	3,8	0,2	0,3	35	15
	Uoppgitt utdanning	1,7	3,6	4,0	1,9	0,5	198	32
Orkanger	Vidaregåande og lågare	79,4	76,8	74,7	-2,6	-2,1	428	-256
	Univ. - og høgskuleutd., 1-4 år	16,5	17,5	18,7	1,0	1,2	262	128
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	2,6	2,5	2,9	0,0	0,4	20	41
	Uoppgitt utdanning	1,6	3,2	3,8	1,6	0,6	189	63

Utdanningsnivået blant dei sysselsette er også stigande. Dette er både eit resultat av at tilgangen på høgare utdanna arbeidskraft aukar, samtidig som behovet for slik arbeidskraft aukar i bedriftene. Alle dei tre regionane har vekst blant universitets- og høgskuleutdanna, både på lågare og høgare nivå. Veksten er særleg sterk i siste del av perioden, det vil seie i ein periode då sysselsettingsutviklinga på det jamne har vore svak i dei tre regionane. Indre Nordmøre har høgare andel sysselsette med lange høgskule- og universitetsutdanningar enn dei to andre regionane. Dette er særleg tydelege om ein samanliknar med Orkangerregionen. Veksten i personar med kortare høgskule- og universitetsutdanningar har også vore relativt stor.

Som ein ser har alle regionar hatt nedgang blant gruppa med vidaregåande utdanning eller lågare. Dette er ein naturleg konsekvens av at gruppene med høgare utdanning er i vekst. Merk også at gruppa med utan oppgitt utdanning er i vekst. Grunnen til dette er først og fremst auka tilgang på arbeidskraft frå utlandet. For desse manglar ein opplysningar om utdanning i den offisielle statistikken. Desse gruppene representerer utdanningsgrupper med både korte og lange utdanningar.

Tabell 4. Endring i sysselsetting etter fagfelt og region 2005-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.⁴


Region		Årleg endring i gjennomsnitt Prosent		Sysselsette i alt 2011
		2005-07	2007-11	
Ytre Nordmøre	Allmenne fag	3,0	-2,1	6607
	Humanistiske og estetiske fag	3,2	-1,2	638
	Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	2,5	0,2	1118
	Samfunnsfag og juridiske fag	8,2	5,6	346
	Økonomiske og administrative fag	-0,2	-1,9	1899
	Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag	1,8	1,2	4322
	Helse-, sosial- og idrettsfag	4,0	2,6	2884
	Primærnæringsfag	1,7	-2,7	410
	Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	4,3	0,4	1141
	Uoppgitt fagfelt	51,3	13,5	1446
	Alle Ytre Nordmøre	3,8	0,3	20811
Indre Nordmøre	Allmenne fag	2,3	-3,7	2905
	Humanistiske og estetiske fag	1,5	-2,1	278
	Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	1,4	0,7	608
	Samfunnsfag og juridiske fag	6,9	2,8	128
	Økonomiske og administrative fag	-0,3	-2,5	793
	Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag	2,0	0,8	2732
	Helse-, sosial- og idrettsfag	2,4	1,3	1399
	Primærnæringsfag	-1,2	-2,1	410
	Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	-0,7	1,8	287
	Uoppgitt fagfelt	62,2	2,2	400
	Alle Indre Nordmøre	2,7	-1,0	9940
Orkanger	Allmenne fag	2,6	-2,7	3347
	Humanistiske og estetiske fag	4,5	-3,2	288
	Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	2,8	1,5	706
	Samfunnsfag og juridiske fag	20,2	-1,5	111
	Økonomiske og administrative fag	-0,1	-0,7	936
	Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag	1,7	1,1	2766
	Helse-, sosial- og idrettsfag	5,3	3,4	1778
	Primærnæringsfag	-1,8	-1,0	458
	Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	2,5	2,9	329
	Uoppgitt fagfelt	42,0	4,4	418
	Alle Orkanger	3,2	-0,1	11137

Fleire område har hatt vekst i løpet av perioden.⁵ Mønsteret er likt i dei tre regionane. Relativt sett er det samfunnsfag og juridiske fag som har vakse mest, og då særleg i første del av perioden. Det er

⁴ Statistisk sentralbyrå endra grunnlaget for sysselsettingsstatistikken for å tilpasse seg internasjonale råd, noko som gjer det umogleg å samanlikne utviklinga innan fagfelt før og etter 2005. Dei eldste tala som kan brukast for den samanlikninga som blir brukt i denne tabellen er derfor frå 2005.

⁵ Veksten i sysselsettinga for allmenne fag i perioden 2005-2007 kan mellom anna vere knytt til at aldersgrensa for å vere rekna som sysselsett vart senka frå 16 til 15 år i 2006. Ein del ungdomar i deltidsarbeid kom dermed inn som nye i statistikken. Med ungdomskule som utdanningsbakgrunn, høyrer desse til kategorien allmennfag.

likevel naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag på den eine sida og helse-, sosial- og idrettsfag på den andre som har størst vekst målt i tal sysselsette. Dette er fagområde som gir utdanningar som kan gir arbeidskraft til sentrale produksjonsnæringar og til offentleg sektor.



Figur 3. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som har behov for å rekruttere arbeidskraft på utvalde yrkesfelt. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.⁶

Dei aktuelle yrkesfelta representerer følgjande grupper:

Akademikarar med lange universitets- og høgskuleutdanningar (sivilingeniørar, siviløkonomar, statsautoriserte revisorar, legar, juristar, forskarar, m. fl.)

Høgskuleyrke (ingeniørar og teknikarar, dekksoffiserar, fysioterapeutar, sjukepleiarar, førskulelærarar, m. fl.)

Kontor- og kundeserviceyrke (rekneskapsførarar, informasjonsmedarbeidarar, kontormedarbeidarar, lagemedarbeidarar, økonomimedarbeidarar, sentralbordoperatør m. fl.)

Leiarar (toppleiarar, administrative leiarar, mellomleiarar m. fl.)

Andre yrke (hjelpearbeidarar, assistentar m. fl.)

Eit samansett næringsliv, vil også gi eit samansett rekrutteringsbehov. Når vi har spurt 16 private og offentlege bedrifter på Indre Nordmøre og 18 private og offentlege bedrifter på Ytre Nordmøre om kva yrkesfelt dei har behov for arbeidskraft framover, gir ikkje dette grunnlag for å seie noko om det

⁶ Ein skal vere varsam med å samanlikne yrkesfelta, gitt måten dette blir målt på. Det som blir målt her er om bedrifta har rekrutteringsbehov eller ikkje. Ein måler ikkje kor stort rekrutteringsbehovet er innan kvart yrkesfelt. Enkelte yrkesfelt er klart næringsspesifikke, andre i mindre grad. Det som Statistisk sentralbyrå definerer som omsorgsyрке (barne- og ungdomsarbeidar, heimhjelparar, legesekretærar m.fl.) er for eksempel i stor grad knytt til knytt opp til offentleg sektor.

samla behovet i regionen. For det første er utvalet av bedrifter lite. For det andre er det snakk om relativt store bedrifter, der enkelte bransjar er mindre representerte enn andre. I tillegg er det enkelte yrkesfelt som blir rekruttert i alle bransjar, medan andre yrkesfelt er langt meir knytt til bestemte bransjar, til dømes transportarbeidarar eller omsorgsyrke. Derfor er ikkje alle yrkesfelta representerte i figuren over.

Svara frå bedriftene peikar likevel i retning av dei opplever eit behov for å tilføre formell kompetansen framover. Her er det lite forskjell mellom bedriftene på Ytre og Indre Nordmøre, eller i resten av Møre og Romsdal for den del (Båtevik og Tangen 2010).

Tabell 5. Endring i sysselsetting etter yrkesfelt og region 2005-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Region	Yrkesfelt	Endring i prosent				Syssel- sette 2010	Prosent tilsette 2010
		2007- 2008	2008- 2009	2009- 2010	2007- 2010		
Ytre Nordmøre	Leiaryrke	2,4	3,2	2,7	8,5	1239	6,0
	Akademiske yrke	2,1	0,1	4,6	6,9	1695	8,2
	Høgskuleyrke	-0,8	0,9	0,7	0,9	4209	20,4
	Kontoryrke	4,3	-6,1	1,2	-0,9	1398	6,8
	Sals- og serviceyrke	0,7	-1,3	0,6	0,0	5211	25,3
	Bønder, fiskarar mv.	-5,5	-2,5	-3,1	-10,8	1000	4,8
	Handverkarar	1,4	-0,2	-1,6	-0,4	2537	12,3
	Operatørar, sjåførar mv.	-2,3	2,1	0,4	0,2	2158	10,5
	Andre yrke	-5,1	-0,6	0,2	-5,5	1178	5,7
	I alt	-0,1	-0,4	0,6	0,2	20625	100,0
Indre Nordmøre	Leiaryrke	0,6	3,2	3,8	7,8	568	5,7
	Akademiske yrke	-0,9	2,7	0,5	2,2	649	6,5
	Høgskuleyrke	-0,1	-0,4	3,5	3,0	1761	17,7
	Kontoryrke	-1,2	-6,7	-8,2	-15,3	436	4,4
	Sals- og serviceyrke	-1,9	2,7	-3,4	-2,6	2468	24,8
	Bønder, fiskarar mv.	-7,2	3,7	-5,5	-9,0	775	7,8
	Handverkarar	-0,7	-3,1	2,1	-1,7	1198	12,0
	Operatørar, sjåførar mv.	-2,8	-7,2	-3,6	-13,1	1596	16,0
	Andre yrke	0,2	-8,3	2,7	-5,7	500	5,0
	I alt	-1,7	-1,2	-1,1	-3,9	9951	100,0
Orkanger	Leiaryrke	6,8	0,0	6,7	14,0	666	6,0
	Akademiske yrke	6,5	-2,2	3,7	8,0	793	7,2
	Høgskuleyrke	2,5	-0,8	2,6	4,3	1908	17,2
	Kontoryrke	7,9	-6,7	-3,1	-2,5	594	5,4
	Sals- og serviceyrke	-1,4	-0,8	0,2	-2,0	2779	25,1
	Bønder, fiskarar mv.	-6,6	-3,0	-2,9	-12,0	814	7,4
	Handverkarar	2,2	-2,7	-2,0	-2,5	1507	13,6
	Operatørar, sjåførar mv.	3,1	-6,3	3,5	0,1	1411	12,8
	Andre yrke	-3,8	-4,9	-5,3	-13,3	591	5,3
	I alt	1,2	-2,6	0,6	-0,8	11063	100,0

Behova som bedriftene gir uttrykk for korresponderer i stor grad med utviklinga innan dei ulike yrkesfelta. I perioden 2007-10 er det nettopp innan leiaryrke, akademiske yrke og høgskuleyrke veksten i sysselsettinga har vore mest tydeleg også på Indre Nordmøre. Forskjellen mellom Indre Nordmøre og dei to andre regionane, er at veksten innan desse områda har vore svakare enn på Ytre Nordmøre og i Orkangerregionen. I tillegg er den gruppa der ein mellom anna finn tradisjonelle industriarbeidarar (operatørar) klart i tilbakegang i regionen, medan både Ytre Nordmøre og Orkanger har oppretthalde sysselsettingsnivået for dette yrkesfeltet. Sysselsettingsutviklinga på Indre Nordmøre er såleis tydeleg påverka av dei endringane som skjer på Sunndalsøra og industrien der.


Tabell 6. Endring i sysselsetting etter næring og region 2005-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Region		2008-09	2009-10	2010-11	2008-11	Sysselsette 2011	Prosent tilsette 2011
Ytre Nordmøre	Jordbruk, skogbruk og fiske	0,4	-0,3	-5,6	-5,4	1115	5,4
	Sekundærnæringar	-0,5	3,2	2,9	5,7	5120	24,6
	Varehandel, hotell og restaurant m.m*	-2,5	-2,1	-0,7	-5,2	7457	35,8
	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	2,7	0,6	1,5	4,9	857	4,1
	Undervisning	6,9	1,2	2,1	10,5	1458	7,0
	Helse- og sosialtenester	-0,4	2,8	2,7	5,1	4194	20,2
	Personleg tenesteyting	7,5	-3,4	3,1	7,1	530	2,5
	Uoppgitt	6,8	21,5	-16,7	8,1	80	0,4
	I alt	-0,4	0,6	0,9	1,1	20811	100,0
Indre Nordmøre	Jordbruk, skogbruk og fiske	2,4	-3,3	-0,5	-1,4	829	8,3
	Sekundærnæringar	-7,8	-1,0	0,7	-8,0	3024	30,4
	Varehandel, hotell og restaurant m.m*	0,9	-3,9	0,5	-2,5	2706	27,2
	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	1,2	8,3	-1,9	7,5	358	3,6
	Undervisning	4,2	-0,3	-1,9	1,9	710	7,1
	Helse- og sosialtenester	2,2	0,7	0,5	3,5	2040	20,5
	Personleg tenesteyting	8,0	3,7	-7,9	3,1	233	2,3
	Uoppgitt	-18,5	18,2	-23,1	-25,9	40	0,4
	I alt	-1,2	-1,1	-0,1	-2,4	9940	100,0
Orkanger	Jordbruk, skogbruk og fiske	-3,0	-0,9	-8,0	-11,6	848	7,6
	Sekundærnæringar	-5,3	0,7	5,7	0,7	3034	27,2
	Varehandel, hotell og restaurant m.m*	-4,3	-0,1	-0,2	-4,5	3284	29,5
	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	6,9	-5,5	-0,5	0,5	424	3,8
	Undervisning	0,6	-1,2	1,2	0,6	778	7,0
	Helse- og sosialtenester	0,1	4,2	-0,5	3,9	2389	21,5
	Personleg tenesteyting	0,9	-1,2	-1,5	-1,8	332	3,0
	Uoppgitt	10,6	3,8	-11,1	2,1	48	0,4
	I alt	-2,6	0,6	0,6	-1,4	11137	100,0

*Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstenester, forretningsmessig tenesteyting, eigedom

Fordelt på næringar, viser nedgangen i sysselsettinga på Indre Nordmøre att som nedgang for sekundærnæringane, ei utvikling som står i klar motsetnad til kva som skjer på Ytre Nordmøre. Sysselsettingsutviklinga i dei to regionane er i høgste grad prega av at utviklingstrekk i produksjonsnæringane.

Sysselsette - endring i prosent 2008-11



Figur 4. Endring i sysselsette etter næring og bustadregion. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Ei finare inndeling av næringane viser at Indre Nordmøre har sysselsettingsvekst på fleire område enn Orkangerregionen. I perioden har det vore vekst i sysselsettinga både for personleg tenesteyting, helse- og sosialtenester, undervisning, offentleg administrasjon, forretningsmessig tenesteyting,

teknisk tenesteyting/eigedomsdrift og elektrisitet, vatn og renovasjon. Nok ein gong er det den sterke nedgangen i industrien i regionen som klart pregar hovudbildet.

Tabell 7. Endring i sysselsetting etter bustadregion og sektor. 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

		2008-09	2009-10	2010-11	2008-11	Sysselsette 2011	Prosent tilsette 2011
Ytre Nordmøre	Statleg forvaltning	-1,1	-0,3	-0,5	-1,8	1439	6,9
	Fylkeskommunal forvaltning	6,0	1,3	-0,3	7,1	377	1,8
	Kommunal forvaltning	1,3	1,7	3,4	6,5	4253	20,4
	Privat sektor og off. foretak	-0,9	0,4	0,3	-0,2	14742	70,8
	I alt	-0,4	0,6	0,9	1,1	20811	100,0
Indre Nordmøre	Statleg forvaltning	-7,6	10,5	-2,5	-0,4	276	2,8
	Fylkeskommunal forvaltning	0,6	3,5	-0,6	3,5	177	1,8
	Kommunal forvaltning	3,2	0,8	0,0	4,1	2654	26,7
	Privat sektor og off. foretak	-2,6	-2,3	-0,1	-4,9	6833	68,7
	I alt	-1,2	-1,1	-0,1	-2,4	9940	100,0
Orkanger	Statleg forvaltning	-0,1	-2,8	-0,6	-3,6	787	7,1
	Fylkeskommunal forvaltning	1,4	0,5	0,5	2,4	214	1,9
	Kommunal forvaltning	1,6	2,6	-0,2	4,0	2481	22,3
	Privat sektor og off. foretak	-4,2	0,4	1,0	-2,9	7655	68,7
	I alt	-2,6	0,6	0,6	-1,4	11137	100,0

Felles for alle regionane er at det er veksten i offentleg forvaltning står for det meste av sysselsettingsveksten. Privat sektor inkludert offentlege føretak, har ei svakare utvikling.

Tabell 8. Sysselsette i bergverksdrift og utvinning. Andel av alle sysselsette og endring 2010-11 fordelt etter buregion. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.⁷

	Bergverksdrift og utvinning			
	Andel sysselsette 2011	Endring 2010-11	Sysselsette bergverksdrift og utvinning 2011	Sysselsette alle næringar 2011
Ytre Nordmøre	5,0	14,9	1036	20811
Indre Nordmøre	1,5	5,0	147	9940
Orkanger	1,3	19,4	148	11137


Ytre Nordmøre har dei siste åra vore prega av utviklinga av oljerelaterte næringar. Det same gjeld Molde-regionen. Aktiviteten i desse næringane kan også skape ringverknadar til Indre Nordmøre, både gjennom etableringar og pendling. Skal vi fange opp delar av denne aktiviteten, er tala for bergverksdrift og utvinning det næraste vi kjem. Dei nyaste tala på dette området inkluderer mellom anna ein del bedrifter som tidlegare har vore klassifiserte som industri, tenester knytt til utvinning av råolje og naturgass, i tillegg til sjølve utvinninga. Andelen som er sysselsette i denne næringa er monaleg større på Ytre Nordmøre, der 5 prosent av dei yrkesaktive hadde arbeid i denne næringa,

⁷ I 2010 gjennomførte Statistisk sentralbyrå ei endring av klassifisering verksemdar som tidlegare var plassert i industrien. Desse vart flytta til utvinning av råolje og naturgass. Dermed kan ikkje nyare tal, samanliknast med tal frå før 2010.

enn på Indre Nordmøre, der 1,5 prosent av dei yrkesaktive hadde arbeid i bergverksdrift og utvinning. Indre Nordmøre har også hatt ein klar vekst i næringa for det året vi har opplysningar for, sjølv om veksten er langt under veksten både på Ytre Nordmøre og i Orkangerregionen.

Rekruttering – ei utfordring?

Behovet for arbeidskraft speglar utviklinga innan bestemte næringar, bransjar og bedrifter. Tilgangen til arbeidskraft, kan derimot vere avhengig av andre faktorar, ikkje minst attraktivitet. Slik attraktivitet kan variere både med tanke på næring og stad.



Figur 5. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som opplever det som vanskeleg å rekruttere arbeidskraft på utvalde yrkesfelt. Prosent bedrifter. Omfattar berre bedrifter med middels eller stort rekrutteringsbehov på det aktuelle yrkesfeltet. Kjelde: Eigne data.


Spørsmålet er kor lett det er for bedriftene å få tak i den arbeidskrafta dei har behov for. Dei bedriftene vi har følgt gjennom denne analysen, gir uttrykk for at dei i særleg grad har uttrykk for arbeidskraft med utdanning på høgskule- og universitetsnivå. Dette vil sjølvsagt avhenge av kva type kompetanse bedriftene søker.

Enkelte utdanningsgrupper er det god tilgang på, medan andre er mangelvare. Det er særleg to yrkesfelt der mange bedrifter opplever at det er vanskeleg å rekruttere arbeidskraft til, nærare bestemt akademikarar og leiarar. Vanskane med å rekruttere leiarar er noko bedriftene på Ytre og Indre Normøre har felles.

Fleire faktorar påverkar behovet for arbeidskraft framover. Med overgangen til eit meir kompetansebasert arbeidsliv, blir etterspurnaden etter arbeidskraft prega av dette. Næringar i vekst og framveksten av nye næringar styrer etterspurnaden. I tillegg vil avgangen av arbeidskraft sette sitt preg på behovet i åra som kjem.

Innslaget av arbeidskraft som går av med alderspensjon kjem til å sette preg på rekrutteringsbehovet om ein ser litt fram i tid. Dei kulla som no er på veg ut av arbeidsstyrken høyrer til dei store

etterkrigskulla. Fram til 1970 talde dei aller fleste fødeselskulla i Møre og Romsdal meir enn 4.000 barn årleg. Kulla som skal erstatte dei 60-åringane som i åra som kjem er på veg ut av arbeidsstyrken, er monaleg mindre.




Figur 6. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som opplever det som opplever utfordringar knytt til alder og gjennomtrekk. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.


Alle dei 16 bedriftene som vart intervjuja på Indre Nordmøre stadfestar at dei i stor eller i nokon grad har ein arbeidstokk der mange vil gå av med alderspensjon det næraste tiåret. Frå analysane i Møre og Romsdal sett under eitt, veit vi at dette er eit trekk som går att i mange bedrifter, særleg i offentleg sektor (Båtevik og Tangen 2010). Dette skaper store rekrutteringsutfordringar i åra som kjem. Bedriftene tok utgangspunkt i eit tiårspespektiv, når dei skulle svare på dette spørsmålet.

På den andre sida er det få bedrifter som opplever stor gjennomtrekken av arbeidskraft. Arbeidskrafta blir opplevd som stabil, ikkje minst på Indre Nordmøre. Dette kan mellom anna vere resultat av aldersstrukturar, der ein eldre arbeidstokk normalt vil vere meir stabil enn ein arbeidstokk med yngre arbeidstakarar.

Om vi tek utgangspunkt i sysselsettingsstatistikken til Statistisk sentralbyrå, er det ein fjerdedel (25 prosent) av arbeidstokken som er 55 år og over. Tala er ikkje spesielt høge for Indre Nordmøre om vi samanliknar med Ytre Nordmøre eller Orkangerregionen, der 24 prosent av arbeidstokken høyrer til same aldersgruppe. For landet sett under eitt er derimot andelen 21 prosent, medan det for Møre og Romsdal er 23 prosent.




Figur 7. Syssetette fordelt etter alder og region 2011. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.



Figur 8. Syssetette fordelt etter alder og region i jordbruk, skogbruk og fiske. 2011. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


Primærnæringane er viktige, ikkje minst på Indre Nordmøre, der 8,3 prosent av befolkninga er syssetette i jordbruk, skogbruk eller fiske. Innslaget av personar over 55 år er sterkt i desse næringane. Meir enn kvar tredje (34 prosent) syssetett i desse næringane på Indre Nordmøre var 55 år og over. Indre Nordmøre skil seg likevel ikkje i vesentleg grad frå dei to andre regionane. I Orkangerregionen var andelen til dømes høgare enn på Indre Nordmøre.

Det kan vere interessant å merke seg at så mange av dei aller yngste er knytte til næringa på Indre Nordmøre. Dette handlar nok primært om deltidsarbeidane ungdom, men kan også sjåast som eit uttrykk for at det er ein del unge som på denne måten skaffar seg erfaring frå næringa.




Figur 9. Sysselsatte fordelt etter alder og region i industrien. 2011. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

For industrien er innslaget av eldre arbeidstakarar klart mindre enn i primærnæringane. For å oppretthalde sysselsettingsnivået i ein periode på 10-12 år, må likevel 22 prosent av arbeidstokken erstattast både på Ytre og Indre Nordmøre.



Figur 10. Sysselsatte fordelt etter alder og region i offentlig administrasjon, forsvar, sosialforsikring, undervisning og helse- og sosialtenester. 2011. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


Utfordringane er vel så store for offentlig sektor som for industrien. På Indre Nordmøre er det 24 prosent av dei sysselsette som oppnår pensjonsalder i løpet av 10-12 år. Samtidig er andelen i tilsvarande alder større både for Ytre Nordmøre og i Orkangerregionen.




Figur 11. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som opplever rekrutteringa av arbeidskraft med høgare utdanning som lettare eller vanskelegare no, enn dei fem føregående åra. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.

Vurdert ut frå sysselsettingsutviklinga, er presset på arbeidsmarknaden klart større på Ytre Nordmøre enn på Indre. Det betyr likevel ikkje bedriftene på Indre Nordmøre opplever at dei har rikeleg tilgagn på arbeidskraft.


- Få bedrifter, både på Ytre og på Indre Nordmøre opplever at rekrutteringssituasjonen har vorte lettare om dei samanliknar med dei fem føregående åra. I tillegg opplever i alt halvparten av bedriftene på Indre Nordmøre at det er vanskelegare å få tak i arbeidskraft med høgare utdanning.
- Trass i vanskar på delar av arbeidsmarknaden i perioden etter 2007, er det få bedrifter på Indre Nordmøre som opplever at det har vorte lettare å rekruttere arbeidskraft med kortare utdanning dei siste åra.
- Også for framtida er få av bedriftene som ser føre seg at rekrutteringssituasjonen skal bli lettare.




Figur 12. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som opplever rekrutteringa av arbeidskraft med kortare utdanningar som lettare eller vanskelegare no, enn dei fem føregående åra. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.



Figur 13. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som trur at rekrutteringa av arbeidskraft med høgare utdanning blir lettare eller vanskelegare dei fem neste åra. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.



Figur 14. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som trur at rekrutteringa av arbeidskraft med kortare utdanningar blir lettare eller vanskelegare dei fem neste åra. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.




Figur 15. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kva forhold ved bedrifta dei meiner styrkar rekrutteringa. Ope spørsmål der kvar bedrift kunne nemne inntil 3 ulike svar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.

Når bedriftene sjølve blir utfordra på kva som er deira styrke når dei skal rekruttere arbeidskraft, er det særleg tre punkt som blir trekt fram.⁸ For det første blir bedriftene opplevd som solide med trygge arbeidsplassar. For det andre opplever dei å kunne tilby eigne arbeidstakarar faglege utfordringar, interessante arbeidsoppgåver og høve til utvikling. På desse område skil svara frå


⁸ Bedriftene har her gitt svar på eit ope spørsmål, der dei har vorte oppmoda om å nemne inntil tre punkt.

bedriftene frå Indre Nordmøre seg lite frå bedriftene på Ytre Nordmøre. På det tredje punktet gir derimot fleire av bedriftene på indre at dei har eit godt omdømme og at dette er ein styrke når dei skal rekruttere. Få nemner gode lønsvilkår og pensjonsordningar, som er det punktet der bedriftene på Ytre Nordmøre skil seg mest frå bedriftene på Indre Nordmøre.




Figur 16. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kva forhold ved lokalsamfunnet/regionen dei meiner styrkar rekrutteringa. Ope spørsmål der kvar bedrift kunne nemne inntil 3 ulike svar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.

Når ein skal trekke fram sider ved lokalsamfunn og region der bedriftene kan få drahjelp i rekrutteringa, er det mange som svarar relativt allment, det vil seie svar som kan plasserast i ein sekkepost som omfattar generelle lokale og regionale kvalitetar. Det kan vere svar som at *Indre Nordmøre er ein stabil og attraktiv region, med høg sysselsetting og optimisme i næringslivet*, at ein opplever at ein får *stor støtte lokalt, regionalt og frå fylkesnivå*, eller å vere lokalisert i eit *mangfoldig samfunn*. Bedriftene på Ytre Nordmøre skil seg ein del frå dei på indre ved at fleire opplever at kulturtilbodet og delvis også gode kommunikasjonar/geografisk plassering som ein styrke.



Figur 17. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kva forhold ved bedrifta dei meiner gjer rekruttering vanskeleg. Ope spørsmål der kvar bedrift kunne nemne inntil 3 ulike svar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.


Når det gjeld forhold ved bedrifta som kan gjere rekruttering vanskeleg, er opplevinga av å representere ein liten organisasjon der fagmiljøa blir opplevd som små den utfordringa bedriftene nemner oftast. I tillegg skil bedriftene på Indre og Ytre Nordmøre seg frå kvarandre, ved at lønsvilkåra blir langt oftare nemnde blant bedriftene frå ytre. At relativt mange bedrifter på Ytre Nordmøre ser på lønsvilkår som ein styrke ved rekruttering og at relativt mange bedrifter i same region ser på lønsvilkår som noko som gjer det vanskeleg å rekruttere, må tolkast som at konkurranse om arbeidskraft der løn er eit viktig lokkemiddel pregar arbeidsmarknaden på Ytre Nordmøre. Dette er nok resultat av at det i oljeindustrien på Ytre Nordmøre er bedrifter som er lønsleiane.



Figur 18. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kva forhold ved lokalsamfunnet/regionen dei meiner gjer rekruttering vanskeleg. Ope spørsmål der kvar bedrift kunne nemne inntil 3 ulike svar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.


Halvdelen av bedriftene er opptekne av manglande lokale kvalitetar når dei blir utfordra på kva som gjer rekruttering vanskeleg for dei, utan at dei spesifiserer dette nærare. Ut over dette er det særleg kommunikasjonar og dei ulempene som følgjer med den geografiske plasseringa som blir opplevd som konkrete utfordringar.

På dei føregåande spørsmåla har bedriftene ikkje hatt svaralternativ. Då var det få bedrifter som nemnde utfordringar knytt til det å skaffe arbeid til to personar i eitt hushald som ei utfordring i forhold til rekruttering. Vi testa ut korleis bedriftene såg på dette, gjennom å ha eit eige spørsmål på akkurat dette temaet.




Figur 19. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter i kva grad dei opplever at det å skaffe arbeid til to i same hushald skaper vanskar for rekrutteringa. Basert på konkret oppfølgingsspørsmål til alle bedriftene. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.

På direkte spørsmål, er det langt fleire som gir uttrykk for at dei opplever at manglande vilkår for toinntektstilpassingar skaper vanskar for rekruttering av arbeidskraft. Det er meir vanleg at bedriftene på Indre Nordmøre svarar dette, enn bedriftene på Ytre Nordmøre. Halvparten av bedriftene på Indre Nordmøre stadfestar at dette er ei utfordring, samtidig som ein del av dei andre bedriftene opplever dette kan vere ei utfordring i forhold til å rekruttere til bestemte stillingar, har opplevd dette i enkelte periodar eller liknande (svar som: Ja, særleg akademikarar).



Figur 20. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som hentar arbeidskraft utan høgare utdanning frå eigen og andre kommunar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.



Figur 21. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som hentar høgare utdanna arbeidskraft frå eigen og andre kommunar. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.

Mykje av rekrutteringa av arbeidskraft skjer frå eigen kommune eller nabokommunane, det vil seie blant personar som bur i regionen. Sjølv om dette i størst grad er tilfelle ved rekruttering av arbeidskraft med kortare utdanningar, gjeld det også i stor grad arbeidskraft med høgare utdanningar. Den største forskjellen mellom bedriftene på Indre og Ytre Nordmøre, er at dei første i større grad enn dei siste er avhengige rekruttering frå nabokommunane for å fylle opp stillingar som krev arbeidskraft med høgare utdanning. Det er også likevel nokre fleire bedrifter på Indre Nordmøre som også går vegen om utlandet for å rekruttere arbeidskraft med høgare utdanning, utan at nokon av bedriftene så langt har brukt dette som ein viktig rekrutteringskanal.

Moment for vidare drøfting

- Som region har Indre Nordmøre klare utfordringar knytt til sysselsettingsutviklinga, i ein periode då naboregionane har klar vekst. Medan industrien, som er viktig for utviklinga både på Ytre Nordmøre, i Orkangerregionen og på Indre Nordmøre, er i klar vekst i dei to første regionane, er industrissysselsettinga i nedgang på Indre Nordmøre. Sjølv om Indre Nordmøre også tek del i veksten i den oljerelaterte sysselsettinga, er sysselsettingsveksten i denne næringa større både i Orkangerregionen, og ikkje minst på Ytre Nordmøre. Spørsmålet er om det er mogleg å kople seg sterkare på denne utviklinga framover?
- Det er eit aukande behov for arbeidskraft med utdanning på høgskule- og universitetsnivå. Mange leiarar har fokus på dette når dei vurderer behovet for rekruttering av arbeidskraft i åra som kjem. Dette gjeld både akademikarar med lange høgskule- eller universitetsutdanningar, profesjonsutøvarar som ingeniørar eller sjukepleiarar og leiarar. Sysselsettingstala viser også at dette er grupper i vekst, men denne veksten er svakare på Indre Nordmøre enn på Ytre Nordmøre og Orkangerregionen
- Fleire bedrifter opplever rekrutteringssituasjonen som vanskeleg, ikkje minst med tanke på rekruttering av arbeidskraft med høgare utdanning. I relativt små samfunn og fragmenterte arbeidsmarkander som dei på Indre Nordmøre, vil det ofte vere ei utfordring å rekruttere dei med den «rette utdanninga», særleg om høgare utdanning også er uttrykk for eit aukande behov for arbeidskraft med spesialkompetanse

Pendling

Indre Nordmøre har hatt og har framleis større eigendekning av arbeidsplassar enn både Ytre Nordmøre og Orkangerregionen. Det betyr at regionen har vore relativt godt dekt opp av arbeidsplassar i forhold til samla sysselsetting. Men med den nedgangen i sysselsettinga som ein har hatt på Indre Nordmøre i perioden etter 2007, har også eigendekninga av arbeidsplassar vorte redusert. Fleire har søkt ut av regionen for å finne arbeid.

Tabell 9. Sysselsette etter bustad fordelt på region. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


	Sysselsette etter bustadkommune			Endring faktiske tal		Endring prosent	
	2003	2007	2011	2003-07	2007-11	2003-07	2007-11
Ytre Nordmøre	18911	20604	20811	1693	207	9,0	1,0
Indre Nordmøre	9987	10357	9940	370	-417	3,7	-4,0
Orkanger	10262	11161	11137	899	-24	8,8	-0,2

Tabell 10. Sysselsette etter arbeidsstad fordelt på region. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

	Sysselsette etter arbeidskommune			Endring faktiske tal		Endring prosent	
	2003	2007	2011	2003-07	2007-11	2003-07	2007-11
Ytre Nordmøre	16533	18224	18943	1691	719	10,2	3,9
Indre Nordmøre	9382	9740	9206	358	-534	3,8	-5,5
Orkanger	9330	10284	10218	954	-66	10,2	-0,6

Tabell 11. Eigendekning av arbeidsplassar fordelt på kommunar. Endring 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

	Eigendekning av arbeidsplassar per 100 sysselsette			Endring i prosentpoeng		Eigendekning faktiske tal
	2003	2007	2011	2003-07	2007-11	2011
Ytre Nordmøre	87,4	88,4	91,0	1,0	2,6	-1868
Indre Nordmøre	93,9	94,0	92,6	0,1	-1,4	-734
Orkanger	90,9	92,1	91,7	1,2	-0,4	-919




Figur 22. Pendlarar som pendlar ut frå Indre Nordmøre etter oppmøteregeion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

Tabell 12. Utpendling frå Indre Nordmøre fordelt etter oppmøteregeion. Endring 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

	Endring i prosent		Faktiske tal	Andel pendlarar
	2003-07	2007-11	2011	2011
Til Ytre Nordmøre	50,7	24,4	392	3,9
Til Møre og Romsdal elles	19,6	2,0	261	2,6
Til Orkanger	13,6	24,0	93	0,9
Til landet elles	-4,5	2,4	721	7,2
Utpendlarar i alt	10,1	8,7	1467	14,7

Nærare 1.500 personar busette på Indre Nordmøre hadde arbeidsstad utanfor regionen. Pendlinga har vore i sterk auke, og auken har vore særleg sterk blant dei som har fått arbeidsstad på Ytre Nordmøre. Vi registrerer også at denne veksten har kome meir eller mindre uavhengig av den sysselsettingsnedgangen regionen har hatt etter 2007. Auken i pendlinga var klart sterkare i 2003-07 enn i perioden etter. Dette kan tolkast som eit uttrykk for at det først og fremst at det har vore vekst i Kristiansund og omland som har trekt til seg fleire pendlarar. I perioden då vanskanen på arbeidsmarknaden har vore størst på Indre Nordmøre.

Kristiansund er også viktigaste oppmøteplass for dei som pendlar frå Indre Nordmøre og ut av eigen region. Ut over dette er Trondheim, Molde, Oslo, Orkangerregionen og Sjøkkelen dei største mottakarane av pendlarar frå Indre Nordmøre.



Figur 23. Pendlarar som pendlar til Indre Nordmøre etter buregion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

Tabell 13. Innpendling til Indre Nordmøre fordelt etter buregion. Endring 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

	Endring i prosent		Faktiske tal
	2003-07	2007-11	2011
Frå Ytre Nordmøre	23,0	4,1	128
Frå Møre og Romsdal elles	22,9	-10,6	211
Frå Orkangerregionen	13,3	-13,8	81
Frå landet elles	13,8	11,8	313
Innpendlarar i alt	18,0	0,0	733


Indre Nordmøre tilbyr arbeidsplassar til om lag halvdelen så mange innpendlarar, som dei som pendlar ut av regionen. Innpendlinga frå «nærområda» (Orkangerregionen og Møre og Romsdal elles) har vore redusert i perioden 2007, med unntak frå Ytre Nordmøre. Samla sett har innpendlinga vore stabil i perioden etter 2007, noko som nok speglar den svake utviklinga regionen har hatt på arbeidsmarknaden i perioden.

Moment for vidare drøfting

- Det er ein aukande utpendling frå Indre Nordmøre. Det har særleg vore auke i pendlinga til Ytre Nordmøre. På denne måten får regionen også del i sysselsettingsveksten i naboregionane. Auken i arbeidsreisene er likevel ikkje stor nok til å kompensere for nedgangen i sysselsettinga i regionen.

Innvandring – tilgang på ny arbeidskraft?

Etter utvidinga av EU, med nye medlemsland frå Aust-Europa i 2004 og 2007 har det vore ein eksplisiv vekst i arbeidsinnvandrarar i landet. Møre og Romsdal er blant dei fylka som toppar statistikken for arbeidsinnvandring (Hanche-Olsen m. fl. 2011). Fylket hadde mellom anna større vekst av innvandrarar med bakgrunn frå Europa, enn noko anna fylke i landet. Etter Sogn og Fjordane er Møre og Romsdal det fylket i landet som har størst andel Aust-europearar blant alle sysselsette. Samtidig er det stor variasjon i innvandraranandelen mellom kommunar, der hovudmønsteret er at innvandringa er størst til kommunar på kysten, ofte kommunar med høge innslag av produksjonsnæringar. Det er særleg arbeidsinnvandringa som påverkar dette mønsteret.




Figur 24. Andel innvandrarak blant sysselsette fordelt etter region. 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB⁹

Mønsteret viser att i tal frå Nordmøre. Innvandrarakane utgjer ein klart høgare del av arbeidsstokken i bedrifter på Ytre Nordmøre enn på Indre Nordmøre. Berre i løpet av perioden frå og med 2008 til og med 2011, har innslaget av innvandrarakar vorte neste dubla på Ytre Nordmøre. Indre har også hatt vekst, men denne har vore langt meir moderat.


Dei 18 bedriftene på Ytre Nordmøre og 16 bedriftene på Indre Nordmøre, som vi har følgd gjennom analysen, speglar forskjellane mellom dei to regionane når det gjeld bruk av utanlandske tilsette. Dei 18 bedriftene på Ytre Nordmøre har 42 fast tilsette som er utanlandske tilsette, medan bedriftene på Indre Nordmøre har 23. Dette trass i at bedriftene som blei intervjuar på Indre Nordmøre samla har fleire tilsette enn bedriftene på Ytre Nordmøre. Det er likevel vanleg for bedriftene på Indre Nordmøre å ha utanlandske tilsette som for bedriftene på Ytre Nordmøre, men kvar bedrift har færre slike tilsette enn kva som er vanleg på Ytre Nordmøre. Medan 11 av dei 16 bedriftene på Indre Nordmøre hadde minst ein utanlandsk statsborgar blant eigne tilsette, hadde 10 av dei 18 bedriftene på Ytre Nordmøre det same. Forskjellen ligg såleis i at bedriftene på Ytre Nordmøre jamt over har fleire utanlandske statsborgarar i kvar bedrift.

⁹ Enkelte kommunar har så få innvandrarakar blant dei sysselsette at Statistisk sentralbyrå ikkje publiserer tal for desse kommunane. Det kan såleis vere små avvik i tala som figuren viser og dei reelle tala.




Figur 25. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som brukar rekruttering av utanlandsk arbeidskraft som langsiktig strategi for å sikre tilgang til arbeidskraft med høgare utdanning. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.


Frå resten av Møre og Romsdal, veit vi at det frå bedriftene si side i relativt liten grad ligg nokon klar og medviten strategi bak det å rekruttere arbeidskraft frå utlandet (Båtevik og Tangen 2010). Heller ikkje som meir kortsiktige og akutte tiltak er slike tiltak brukte i særleg grad. Dette betyr i praksis at for mange bedrifter inngår rekruttering av utanlandsk arbeidskraft som ein del av ordinær rekruttering, utan at det er sett i gang spesielle tiltak.



Figur 26. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som brukar rekruttering av utanlandsk arbeidskraft som langsiktig strategi for å sikre tilgang til arbeidskraft utan høgare utdanning. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.



Figur 27. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som brukar rekruttering av utanlandsk arbeidskraft for å avhjelp akutt mangel på arbeidskraft med høgare utdanning. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.




Figur 28. Bedrifter på Ytre og Indre Nordmøre etter kor mange som brukar rekruttering av utanlandsk arbeidskraft for å avhjelp akutt mangel på arbeidskraft utan høgare utdanning. Prosent bedrifter. Kjelde: Eigne data.

Moment for vidare drøfting

- Innvandrarak utgjer ein aukande del av sysselsettinga både på Indre Nordmøre og elles. Samanlikna med Ytre Nordmøre, utgjer likevel innvandrarakane ein liten del av sysselsettinga
- Det er jamt over liten grad av langsiktig tenking rundt rekruttering av utanlandsk arbeidskraft både blant private og offentlege bedrifter i regionen. Spørsmålet er om det er behov for å tenke meir strategisk rundt dette ut frå dei behov desse bedriftene har eller kan få framover?


Befolkning i endring

Dei siste åra har det vorte eit stadig klarare skilje mellom befolkningsutviklinga på Indre og Ytre Nordmøre.



Figur 29. Prosentvis endring i folketal 1.1.2003-1.1. 2012 fordelt på region. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Ytre Nordmøre har ei befolkningsutvikling som speglar auka aktivitet i næringslivet i regionen. Dette er særleg tydeleg frå 2007 og utover. Sjølv om det er ein del variasjonar frå år til år, har befolkningsutviklinga på Indre Nordmøre vore klart svakare enn både på Ytre Nordmøre og i Orkangerregionen dei siste åra.



Figur 30. Kvinner i alderen 30-39 år etter buregion. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Trass i nedgang i befolkninga, har Indre Nordmøre betre kjønnsbalansen enn både Orkangerregionen og Ytre Nordmøre.

Regionen har likevel klare demografiske utfordringar. For kvart fødselskull, skjer det ein monaleg reduksjon av desse gjennom flytteprosessen. Dette er noko som mange regionar i større eller mindre grad opplever. Ytre Nordmøre eller Orkangerregionen er ingen unntak her. Det er likevel slik at flytteprosessane reduserer befolkninga sterkare på Indre Nordmøre enn i dei to naboregionane i nord og vest. Om vi ser på den kohorten som var 10-14 år i 1987, var denne redusert (netto-reduksjon; dvs. reduksjon som følgjer av utflytting, innflytting og eventuelle dødsfall) med 27 prosentpoeng på Indre Nordmøre mot 15 prosentpoeng i Orkangerregionen og 16 prosentpoeng på Ytre Nordmøre.

Lesehjelp for tabell 14-16

Tabellane viser to ulike utviklingsforløp:

- «Trappa» som startar med dei som er i alderen 10-14 år i 1987, følgjer dette kullet fram til dei er i alderen 35-39 år i 2012. For kvart steg i trappa ser ein korleis talet personar endrar seg, primært som følgje av inn- og utflytting for det aktuelle kullet over tid.
- Den nedste lina viser kor mange ungdomar i alderen 10-14 år som bur i regionen på dei aktuelle tidspunkta. At desse tala endrar seg over tid, skuldast primært utviklinga i fødselstala.

Tabell 14. Endringar av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1987 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2012. Tabellen viser også endringar i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Ytre Nordmøre. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Ytre Nordmøre		Årstal					
Alder	1987	1992	1997	2002	2007	2012	
35-39 år							84 % (2560)
30-34 år						74 % (2255)	
25-29 år					77 % (2334)		
20-24 år				92 % (2828)			
15-19 år		99 % (3011)					
10-14 år	100 % (3048)	89 % (2710)	84 % (2546)	87 % (2638)	85 % (2594)	85 % (2598)	

Tabell 15. Endringar av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1987 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2012. Tabellen viser også endringar i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Indre Nordmøre. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Indre Nordmøre		Årstal					
Alder	1987	1992	1997	2002	2007	2012	
35-39 år							73 % (1138)
30-34 år						70 % (1078)	
25-29 år					73 % (1127)		
20-24 år				93 % (1436)			
15-19 år		103 % (1589)					
10-14 år	100 % (1549)	83 % (1289)	84 % (1295)	87 % (1352)	89 % (1382)	85 % (1312)	

Tabell 16. Endringar av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1987 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2012. Tabellen viser også endringar i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Orkanger. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


Orkanger	Årstal					
	1987	1992	1997	2002	2007	2012
35-39 år						85 % (1312)
30-34 år					77 % (1188)	
25-29 år				76 % (1166)		
20-24 år			92 % (1408)			
15-19 år		100 % (1531)				
10-14 år	100 % (1536)	89 % (1363)	93 % (1421)	96 % (1472)	96 % (1480)	92 % (1406)

Samtidig som flytteprosessane reduserer kvart kull, blir også ungdomskulla mindre over tid. Årsaka er minkande fødselskull. Kombinert med framtidig flytting, kan dette gi dobbel negativ effekt og forsterka utfordringar med tanke på rekruttering av arbeidskraft.

Tabell 17. Utviklinga i aldersgruppene 10-14 år og 50-54 år etter region. 1987, 1992, 1997, 2002, 2007, 2012. Faktiske tal. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


Region	Alder	Tal personar					
		1987	1992	1997	2002	2007	2012
Ytre Nordmøre	10-14 år	3048	2710	2546	2638	2594	2598
	50-54 år	1640	1783	2560	2948	2974	2802
Indre Nordmøre	10-14 år	1549	1289	1295	1352	1382	1312
	50-54 år	1013	1010	1314	1301	1421	1415
Orkanger	10-14 år	1536	1363	1421	1472	1480	1406
	50-54 år	957	969	1329	1470	1498	1507

Situasjonen tidlegare har vore at dei ungdomskulla som skulle erstatte dei aldersgruppene som går ut av arbeidsmarknaden har vore store. Vi er no inne i ein periode der dette er i ferd med å endre seg. Per i dag er aldersgruppa 10-14 år mindre enn aldersgruppa 50-54 år på Indre Nordmøre. Det same var tilfelle alt for fem år sidan. Dette vil kunne få klare konsekvensar for tilgang på arbeidskraft framover.




Figur 31. Relativ utviklinga av aldersgruppa 10-14 år i forhold til aldersgruppa 50-54-år i perioden 1987-2012 etter region. 1987-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Innanlandske flytting er negativ i alle dei tre regionane. Indre Nordmøre har hatt klart sterkare flyttetap i heile perioden enn både Ytre Nordmøre og Orkangerregionen.




Figur 32. Netto innanlandsk flytting for tre regionar 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.



Figur 33. Nettoinnvandring for tre regionar 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Samtidig har alle regionane hatt nettoinnvandring heile perioden. Indre Nordmøre har hatt sterkare innvandring enn både Ytre Nordmøre og Orkangerregionen i perioden. Innvandringa til Ytre Nordmøre er likevel stigande og nærmar seg nivået for Indre Nordmøre.




Figur 34. Samla flyttebalanse for tre regionar. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Den store innvandringa på Indre Nordmøre er likevel ikkje nok til å kompensere for flyttetapet elles. Medan både Ytre Nordmøre og Orkanger samla sett har flytteoverskot når både flytting i landet og til og frå utlandet er rekna med, har Nordmøre eit samla flytteunderskot.


Noko av grunnen til det spesielle flyttemønsteret på Indre Nordmøre, kan vere at det er ein stor del flykningar blant innvandarane. Blant desse er vidareflyttinga til meir sentrale delar av landet stor. Vidareflytting blant flykningar til andre delar av landet, blir registrert som innanlandsk flytting. Den store mobiliteten blant flykningar, påverkar såleis nettoflyttala i ein del kommunar. For Indre Nordmøre sin del gjeld dette særleg kommunar som Tingvoll og Sunndal. I område der flyttingane er

meir prega av arbeidsinnvandring, er omfanget av vidareflytting mindre (Hanche-Olsen m. fl. 2011). Sett i eit busetnadsperspektiv har såleis Indre Nordmøre ei meir «ustabil» innvandrargruppe.



Figur 35. Andel innvandrarar i befolkninga fordelt etter opphavsregion og buregion. 2003 og 2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Andelen av innvandrarar frå europeiske land er eit uttrykk for innslaget av arbeidsinnvandrarar i befolkninga. Det er ein klart større andel europearar blant innvandrarar på Ytre enn på Indre Nordmøre. Vi ser samtidig at det har vore vekst både blant europeiske og ikkje-europeiske innvandrarar både i Orkangerregionen og på Ytre og på Indre Nordmøre.



Figur 36. Endring i innvandrargrupper etter opphavsregion og buregion. Perioden 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


Det som meir enn noko anna pregar utviklinga i innvandringa, er den sterke veksten i arbeidsinnvandringa. Dette kan også lesast ved å sjå på veksten av europeiske innvandrarakar både på Indre Nordmøre og Ytre Nordmøre. Innslaget av europearar har vorte monaleg større på Indre Nordmøre dei siste åra og også her er veksten blant desse gruppene klart større enn blant ikkje-europeiske innvandrarakar. Indre Nordmøre har såleis hatt ein klar auke i innvandrarakar frå resten av Europa, og sjølv om den ikkje har same omfang som veksten Ytre, har den vore større enn veksten i Orkangerregionen.

Moment for vidare drøfting

- Indre Nordmøre er prega av svak befolkningsutvikling, i ein periode der mange andre regionar, ikkje minst i Møre og Romsdal, opplever ny vekst
- Det kan bli ei klar utfordring for rekruttering av arbeidskraft framover at fødselskulla er reduserte, samtidig som flytteprosessane reduserer kvart kull som veks opp i regionen
- Felles med mange andre regionar vil Indre Nordmøre vere i ein situasjon der ungdom frå små fødselskull skal overta etter eldre frå store. Dette kan auke konkurransen om arbeidskraft mellom regionane, gitt framleis vekst i den nasjonale økonomien
- Tala viser at arbeidsinnvandringa også aukar på Indre Nordmøre. Spørsmålet er om ein bør førebu seg på ein situasjon der ein større del av tilgangen på arbeidskraft og veksten i folketalet blir avhengig av innvandring

Ein fragmentert region

Som region har ikkje Indre Nordmøre noko klart definert senter som «samlar» heile regionen. Med tanke på handel er det til dømes ulike senter som trekkjer til seg trafikk frå regionen; Trondheim, Kristiansund eller Molde, alt etter kva kommune det er snakk om. Mangel på eit samlande senter, er nok også ein medverkande faktor til at omsetting av detaljvarer er mindre på Indre Nordmøre enn både på Ytre Nordmøre og i Orkangerregionen.



Figur 37. Omsetting per innbyggjar i detaljvarer fordelt på region. 2008, 2009, 2010 og 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Sentralstadsfunksjonar. Eit senter kan ha ulike funksjonar i forhold til kringliggande område. Slike funksjonar blir gjerne omtala som sentralstadsfunksjonar (Aasbrenn 2001). Eit senter er såleis kjenneteikna av at det i tillegg til eiga befolkning, også forsyner omlandsbefolkninga med varer, tenester og kulturtilbod. Enkelte varer og tenester treng større omland og eit større befolkningsgrunnlag enn andre. Dess større omland eit senter har, dess større grunnlag er det for å oppretthalde og etablere ulike sentralstadsfunksjonar i det aktuelle senteret.

Sunnadal kommune og Sunndalsøra er det næraste ein kjem eit regionsenter i regionen, om vi ser på innslaget av regionale sentralstadsfunksjonar. I tillegg er Sunndal kommune den som etter Sunndal har flest sentralstadsfunksjonar som strekkjer seg ut over eigen kommune. Elles ser vi at mange av desse funksjonane, både dei som er lokaliserte i Sunndal og i dei andre kommunane ofte har eit mindre område enn heile Indre Nordmøre som nedslagsfelt.

Tabell 18. Lokalisering av regionale sentralstadsfunksjonar på Indre Nordmøre. Kjelde: Opplysningar frå kommunane sjølve.

Sunndal kommune	
Sentrum	
Pedagogisk-psykologisk kontor for Sunndal, Tingvoll og Nesset	√
Statens vegvesen, Sunndalsøra trafikkstasjon	√
NAV Sunndal og Tingvoll	√
Aura næringshage – eit samarbeid mellom Sunndal og Nesset	√
Sunndal distriktsmedisinske senter	√
Sivilforsvarets FIG-gruppe	√
Statnett	√
Statkraft	√
Kulturskole- og biblioteksamarbeid	√
Distriktsmusikere	√
Interkommunal barnevernstjeneste for Nesset, Sunndal og Tingvoll	√
Landbruk Nordvest	√
Surnadal kommune	
Sentrum	
Skatt Midt-Norge	√
Mattilsynet	√
Lensmannen i Surnadal og Rindal	√
NAV Surnadal	√
Nordmøre Jordskifterett	√
Rindal kommune	
Sentrum	
Sekretariat for Verneområdestyre i Trollheimen	√
NAV	√
Halsa kommune	
Sentrum	
Halsa interkommunale Psykiatrisk senter	√
NAV	√


Biletet som blir teikna over er uttrykk for at Indre Nordmøre har eit fragmentert preg, slik det også blei konkludert med i ei tilsvarande analyse som blei gjennomført i 2004 (Amdam og Båtevik 2004).




Figur 38. Største lokal- eller regionavis i kommunane. 2010. Kjelde: Aviskatalogen.

Tabell 19. Største lokal- eller regionavis i kommunane. 2010. Kjelde: Aviskatalogen.

Avis	Kommune	Dekningsgrad i prosent
Driva	Surnadal	71,3
Tidens Krav	Halsa	68,5
Aura Avis	Sunndal	64,2
Romsdal Budstikke	Neset	58,7
Tidens Krav	Tingvoll	56,2
Adresseavisen	Rindal	44,7



Figur 39. Dekningsgraden for Aure Avis i ulike kommunar på Indre Nordmøre. Kjelde: Aviskatalogen.



Figur 40. Dekningsgraden for Driva i ulike kommunar på Indre Nordmøre. Kjelde: Aviskatalogen.

I analysen frå 2004 blei avisdekninga brukt som eitt av fleire uttrykk for ei slik fragmentering. Når det gjeld avisdekninga i regionen har dette biletet i liten grad endra seg. Det er inga avis som er felles for regionen. Driva er den avisa som har størst potensiale i ein slik retning.


Moment for vidare drøfting

- Skal enkeltkommunane i regionen utvikle seg som delar av andre større regionar, eller skal tiltak setjast inn for å motverke ei slik fragmentering?

Fritidseigedomar – ein ny vekstmarknad?

Basert på tal frå Statens kartverk/ Infoland over tinglyste fritidseigedomar, har vi sett på kor mange slike eigedomar som har vore etablert sidan 1990, i kva for ein kommune dei har vore etablert og kvar eigarane kjem frå.

I denne perioden er det registrert om lag 1400 fritidseigedomar, som fordeler seg på kommunane slik;



Figur 41. Etablerte fritidseigedomar på Indre Nordmøre i perioden 1990 - 2010, per kommune. I desse tala inngår også naust, garasjar og liknande som blir registrert under same eigedomskode som fritidseigedomar. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.

Vi ser at i tal einingar er Surnadal den største "fritidseigedomen" og Halså den minste. Sett i høve til storleiken på kommunane er Rindal den kommunen der flest etablerer seg med fritidseigedom.


Kva ein legg vekt på når ein skal kjøpe eller bygge seg hytte eller annan type fritidseigedom, vil sjølvstøtt variere frå person til person. Nokon vil ha fritidseigedomen nær der ein bur for å kunne nytte den ofte, andre legg vekt på klimatiske forhold, nokre ynskjer å vere på kysten, nokre i innlandet og nokre på fjellet. Nærleik til sjø/vatn kan vere avgjerande for somme, medan andre kan setje mest pris på høve til å gå på ski om vinteren og fjellturar om sommaren.

Nokre kommunar/regionar kan ha ein bevisst strategi for å legge til rette for hyttebygging, medan andre ikkje har det. Der dette er ein bevisst strategi, vil gjerne tilgangen vere enklare, og det meste av utbyggingane føregår i større eller mindre felt som er regulert til føremålet.

Kvar kjem eigarane frå?

Dersom dei fleste som byggjer eller kjøper seg ein fritidseigedom kjem frå eigen kommune, kan det indikere at det ikkje er satsa spesielt på tilrettelegging for slik aktivitet. Då vil gjerne dei som investerer i slik eigedom gjer det ut frå eigen lokalkunnskap. Organisert tilrettelegging og marknadsføring vil gjerne i tillegg trekkje kjøparar frå andre kommunar regionar, ut frå ulike motiv som nemnt over. Vi har sett nærmare på kvar dei kjem frå, dei som har etablert ein fritidseigedom i regionen i perioden 2006–2010. Det store bildet viser at dei fleste kjem frå eigen region (Indre


Nordmøre), og nærmaste omland. Halsa og Rindal skil seg ut med å ha fleire frå nabofylket i nord enn frå eiga kommune, medan Tingvoll er attraktiv for ytre Nordmøre.



Figur 42. Omsette fritidseigedomar 2006 - 2010 fordelt etter eigarane si bustadadresse. Orkanger omfattar kommunane Orkdal, Meldal, Hemne, Snillfjord og Agdenes. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.


Vi ser at ingen frå naboregionen Orkanger (Orkdal, Meldal, Hemne, Snillfjord og Agdenes) har etablert fritidseigedom på Indre Nordmøre i denne perioden. Folk frå Sør Trøndelag elles (Trondheim og nabokommunane rundt) har oppdaga Indre Nordmøre som lokalitet for etablering av fritidseigedom, men elles er det få utanom regionen som har skaffa seg fritidseigedom her.

Dersom vi startar lengt i nord i Rindal kommune, så skil dei seg litt ut ved at fleirtalet av eigarane kjem frå Sør Trøndelag og ikkje frå eigen kommune. Ingen frå nabokommunane i nord og få frå Nordmøre har skaffa seg fritidseigedom i Rindal dei siste fem åra.




Figur 43. Omsette fritidseigedomar i Rindal 2006 - 2010 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.

Surnadal er den kommunen med flest omsette fritidseigedomar frå 1990 til 2011. Også Surnadal er attraktiv som «fritidskommune» for folk frå Trondheimsområdet, men dei langt fleste kjøparane kjem frå eigen kommune.




Figur 44. Omsette fritidseigedomar i Surnadal 2006 - 2010 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.

I Sunndal ser vi at bilde er likt det vi finn elles i regionen, kanskje endå tydelegare når det gjeld etablering av egne innbyggjarar. Det er nokre få frå Oppdal og nokre fleire frå kommunar utan om Møre og Romsdal som har skaffa seg fritidseigedom i Sunndal, men elles få frå tilgrensande område.




Figur 45. Omsette fritidseigedomar i Sunndal 2006 - 2010, fordelt etter eigarane si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde Statens kartverk/ Infoland.

Tingvoll er ein stor "hyttekommunen" på Indre Nordmøre. Men i motsetning til dei andre kommunane i regionen, er det fleire utanfrå som vel å etablere seg i kommunen med fritidseigedom. Folk frå Ytre Nordmøre ser Tingvoll som attraktiv stad å etablere fritidseigedom. Dette er naturleg med tanke på at reiseavstand er eit av fleire viktige moment når ein skal investere i fritidseigedom.



Figur 46. Omsette fritidseigedomar i Tingvoll 2006 - 2010, fordelt etter eigarane si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde Statens kartverk/ Infoland.



Figur 47. Omsette fritidseigedomar i Halsa 2006 – 2010, fordelt etter eigarane si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde Statens kartverk/ Infoland.

I Halsa er det omsett få fritidseigedomar. Halsa, til liks med Rindal, skil seg frå det “store bildet” når det gjeld kvar “fritidsfolket” kjem frå. Også her ser vi at fleirtalet kjem frå Sør Trøndelag utan om Orkangerregionen.

Moment for vidare drøfting

Friluftsliv, opplevingar og reiseliv vart i rapporten frå 2004 peikt ut som område der det ligg til rette for vidare vekst på Indre Nordmøre (Amdam og Båtevik 2004). Omsette fritidsbustader er ein målestokk for ei side ved dette området, ei side som kan vere interessant ikkje minst i forhold til avstanden til Trondheimsområdet. I tillegg kan det også ligge eit potensiale i forhold til befolkningsskonsentrasjonane på kysten, særleg knytt til Kristiansund og Molde, der indre fjordstrøk kan tilby andre aktivitetar og også ein annan type klima. «Hyttekommunane» per i dag er primært Rindal og Tingvoll. Desse kommunane har hatt stor utbygging og omsetting av fritidseigedomar dei siste åra. Spørsmålet er om potensiale, både for desse og andre kommunar på Indre Nordmøre, gitt den store markanden som Trondheim og kysten representerer, er enno større enn kva ein faktisk har tatt ut så langt. Rett nok var det heile 82 «eksterne» som etablerte seg med fritidseigedom i Rindal i løpet av perioden 2006-10 og 64 «eksterne» som etablerte seg i Tingvoll i same perioden, noko som viser at begge desse kommunane etter kvart har vorte store på «fritidsmarknaden». Om ein rettar eit skråblikk til andre område, finn ein eksempel på kommunar som har hatt sterkare vekst på «fritidsmarknaden» dei siste åra. Utan at ein skal dra samanlikninga for langt, kan det til dømes vere interessant å merke seg at det var det heile 168 «eksterne» som etablerte seg med fritidseigedomar i ein kommune som Stryn i nesten same periode som den vi har sett på for kommunane på Indre Nordmøre (Båtevik m. fl. 2012).¹⁰ Mange forhold spelar inn i ein slik samanheng. Stryn er ein stor reiselivskommune og har såleis eit godt utvikla produkt som også kan vere relevant for dei som er interesserte i fritidseigedomar. Samtidig har likevel Stryn ein mindre «nærmarknad» enn Indre Nordmøre, ikkje minst gitt avstanden mellom Trondheim, Kristiansund og Molde på den eine sida og kommunane på Indre Nordmøre på den andre.


¹⁰ Rett nok gjeld tala for Stryn eitt år meir, dvs. at 2005 er inkludert.

Etablering og nyskaping – midlar frå Innovasjon Norge

Innovasjon Norge er ein viktig aktør i etablering og nyskaping, og har ein visjon om å “gi lokale ideer globale muligheter” . Innovasjon Norge har tre hovudarbeidsområde; *Entreprenørskap, Vekst i bedrifter og Innovasjonsmiljø* (Kjelde: Innovasjon Norge).


Kor mykje midlar Innovasjon Norge har løyvt (i sum kr og tal saker) til eit område, ein kommune eller ein region, kan seie noko om etablerarlyst og initiativ. Vi har sett nærmare på kor mykje midlar og kor mange saker som er løyvt til kvar enkelt kommune i perioden 2007, 2008 og 2009, basert på data frå Innovasjon Norge, levert av Norsk samfunnsvitenskapelige datatjeneste (NSD). Vi har også sett på Orkangerregionen (Hemne, Snillfjord, Agdenes, Meldal, Orkdal) og samanlikna aktiviteten der med tilsvarende aktivitet på Indre Nordmøre.

Dei fem kommunane fekk til saman tildelt om lag 155 millionar kr i perioden. Surnadal er den kommunen som har motteke mest støtte frå innovasjon Norge, og Halså har motteke minst. Sunndal som er den største kommunen målt i folketal, har motteke under halvparten så mykje støtte som Surnadal. Rindal med berre om lag ein tredjepart av folketalet i Sunndal, har fått 15 millionar meir enn Sunndal.



Figur 48. Netto løyvde midlar frå Innovasjon Norge 2007, 2008 og 2009 - alle næringskategoriar. Kjelde: Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste AS

Dersom vi ser løyvingane frå Innovasjon Norge i høve til folketalet i kommunane er Rindal den mest aktive kommunen til å nytte midlar frå Innovasjon Norge. I underkant av 40 millionar kr er løyvt i perioden til ulike formål. Surnadal har flest saker, og flest store saker. Kvar sak har fått litt over 1,2 millionar kr medan snitt for alle kommunane er om lag 900 000.




Figur 49. Løyvde midlar 2007 - 2009 i høve til folketal, alle næringskodar. Kjelde Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste AS

Indre Nordmøre samanlikna med Orkangerregionen

Korleis er aktiviteten på Indre Nordmøre i høve til andre regionar som det er naturleg å samanlikne seg med? Vi har sett nærmare på Orkangerregionen og samanlikna denne med Indre Nordmøre når det gjeld aktivitet støtta av Innovasjon Norge. Dei to regionane er omlag like store målt etter folketal, med rundt 20. 000 innbyggjarar på Indre Nordmøre og 18.300 innbyggjarar i Orkangerregionen. Indre Nordmøre har fått omlag 155 millionar kroner i perioden medan Orkanger har fått 131 millionar frå innovasjon Norge. Med andre ord ser det rimeleg likt ut for dei to regionane.

På Indre Nordmøre var det 171 søknadar som mottok støtte medan det var 162 i Orkangerregionen.



Figur 50. Kommunane på Indre Nordmøre og Orkangerregionen rangert etter tal saker i høve til folketalet. Kjelde Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste AS.

Støtte frå Innovasjon Norge er i hovudsak støtte til etablerings- og utviklingstiltak. Desto meir slike ressursar som blir tilført, desto betre for ein kommune og ein region med tanke på å styrke utviklingsevna. Tal saker kan ofte seie meir om etablerings- og utviklingslysta enn sum kroner åleine. At det er mange som tar initiativ for å utvikle eksisterande verksemd eller etablere ny, vitnar om optimisme og gründerkultur. Vi har samanlikna kommunane i dei to regionane med omsyn til tal saker i høve til storleiken (folketalet) i kommunane. Tre av dei minste kommunane merkjer seg ut med høg aktivitet, relativt sett medan dei to største kommunane, Orkdal og Sunndal, kjem dårlegast ut.

Det kan vere ulike grunnar til dette. Til dømes kan det henge saman med at det lettare “går av seg sjølv” i ei stor kommune med eit større utval av arbeidsplassar og mulegheiter enn i ei lita kommune. “Presset” på å skape noko nytt kan gjerne bli mindre fordi behovet blir opplevd å vere mindre. Samstundes vil potensialet vere større i ein stor kommune enn ein liten. Sunndal si plassering kan kanskje forklarast med at kommunen har ein stor arbeidsplass som har gitt arbeid til mange, at behovet for å tenkje alternativ har blitt mindre av den grunn. I tillegg kan usikkerheit rundt ei bedrift som i så stor grad er marknadsorientert og konjunkturavhengig bidra til å skape uvisse og usikkerheit som i neste omgang kan slå ut i mindre risikovilje.

Korleis er så etablerings- og utviklingslysta på Indre Nordmøre i forhold til Ytre Nordmøre. I same perioden (2007 – 2009) fekk dei sju kommunane Eide, Averøy, Kristiansund, Aukra, Aure, Gjemnes og Smøla til saman om lag 177 millionar kr, i overkant av 20 millionar kr meir enn på Indre Nordmøre. Målt i høve til innbyggartalet er det likevel relativt mindre midlar som har gått til Ytre enn til Indre Nordmøre.

Moment for vidare drøfting

På basis av tala frå Innovasjon Norge, er det lite som tilseier at lysta og viljen til å etablere ny økonomisk aktivitet er spesielt låg på Indre Nordmøre. Tvert om er den vel så høg på her som for kommunane på ytre. Samanlikna med Orkangerregionen kjem heller ikkje Indre Nordmøre dårleg ut. Enkelte av dei mindre kommunane kjem relativt høgt ut. Rindal er ein slik kommune. Enkelte av dei andre kommunane har også relativt høg aktivitet. Spørsmålet er om dette er uttrykk for eit systematisk og målbevisst arbeid frå næringsliv, det offentlege og det sivile samfunnet i kommunane. Rindal er døme på ein kommune der ein lenge har vektlagt utviklingsarbeid på fleire plan. Tendensane som kan lesast ovanfor kan tolkast som uttrykk for at slikt arbeid har gitt lyst og vilje til å etablere ny økonomisk aktivitet. I dette ligg eit potensiale for vidare utvikling i den enkelte kommune, men også at ein kan trekkje lærdom frå kvarandre gjennom kontaktar og nettverk som går på tvers mellom kommunane.

Perspektiv på nyskaping og utviklingsarbeid på Indre Nordmøre

For å kunne danne oss eit best mogleg bilde av utfordringane regionen står over for i høve til nyskaping og utviklingsarbeid, har vi mellom anna intervjuar sentrale aktørar frå offentleg og privat sektor som frå ulike posisjonar har synspunkt på tema nyskaping og utvikling.

Indre Nordmøre blir i denne samanheng definert som dei fem kommunane Halså, Rindal, Surnadal, Sunndal og Tingvoll. Nesset blir også ofte omtalt som ein del av Indre Nordmøre, men i denne rapporten blir dei i hovudsak haldne utanfor.

Dei tre fogderia Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre har sine karakteristika, delvis historisk betinga, delvis oppbygd og forsterka gjennom myter. Dette har, til tider, resultert i fogderistridar, oftast knytt til lokaliseringdebattar, gjerne med likefordeling som resultat (tre av kvart slag). På same tid har indre og ytre deler av fylket sine geografiske og kulturelle skiljelinjer som opp gjennom tidene har gitt ulike utslag, både i høve til næringsstruktur, infrastruktur og relasjonelle tilhøve. Dagens næringsstruktur er i ferd med å forsterke dette bildet, ikkje berre i Møre og Romsdal, men langs heile kysten. Vekstnæringane (maritime og marine næringar) er naturleg nok å finne på kysten, og det er her veksten finn stad i dag. Dei gamle “fogderistridane” kan i dag lettare identifiserast mellom kyst og innland enn mellom nord og sør. I den førre analysen frå 2004 (Amdam og Båtevik) vart det peika på at “Nordmørsidentiteten” kanskje var det einaste dette området hadde til felles. Spørsmålet blir om dei store forskjellane mellom indre og ytre og parallelar nord /sør i fylket på sikt vil skape ein eigen identitet for områda for dei indre delane av Møre og Romsdal, uavhengig av om ein bur på Sunnmøre, Romsdal eller Nordmøre. I alle høve er det slik at desse områda har ein del felles utfordringar, mellom anna knytt til nærings- og kommunikasjonsutvikling.

Noreg er i ferd med å få ei to-deling av økonomien; den eine knytt opp til maritim og marine næringar, den andre til annan fastlandsproduksjon av produkt og tenester. I den siste inngår også det vi kan kalle den offentlege økonomien, det som er knytt opp mot sysselsetting innan offentleg sektor. Dette skilje er tydelegast på Vestlandet og i deler av Nord Norge, der produksjonen av olje og gassrelatert verksemdar er lokalisert, og der også marin sektor ved fiskeri og oppdrett held til. I Møre og Romsdal er dette tydeleg, først og fremst ved den aktiviteten som skjer på Søre Sunnmøre og på Ytre Nordmøre. I desse områda finn vi størst vekst i sysselsetting og folketal, medan det motsette bildet dominerer for indre deler av fylket.

Dei største utfordringane for nyskaping og utvikling?

Endra kommunikasjonsmønster

Olje og gass-produksjon og havbruk er relativt sett nye næringar som begge naturleg nok er lokalisert på kysten. Rett nok starta oppdrettsnæringa inne i fjordane, men etter kvart har utfordringar knytt til miljø og helse gjort at denne aktiviteten i hovudsak skjer på kysten i meir ope farvatn. Før var næringsgrunnlaget i hovudsak landbasert, og produserte varer og tenester som naturleg var kople meir til innlandet enn til kysten. Fiskeria var oftast kystfiskeri i relativt liten skala og genererte moderat sysselsetting ut over eige lokalmiljø. Landbruk var viktig for sysselsetting, spesielt i midtre og indre deler av regionen. Ein konsekvens av at næringsgrunnlaget og sysselsettinga var landbasert, var også at infrastruktur som vegar var mest utbygd i midtre og indre deler, det var her det var aktivitet, det var her det var behov for kommunikasjon. Dette bildet var representativt for heile

fylket, og for så vidt også for resten av Vestlandet. Før dette var det fjordane som utgjorde den viktigaste transportåra, Indre Nordmøre har *tre*; Vinjefjorden, Halsafjorden og Tingvollfjorden.

Med ny type aktivitet er dette bildet endra. I dag er dei viktige kommunikasjonsåra nord- sør flytta utover mot kysten ved at opprusting og nye samband har gjort kommunikasjonane her raskare og enklare. E39 som i dag går via Volda – Ålesund – Kristiansund (Krifast) – Halså – Vinjeøra – Orkanger, er også kalla kyststamvegen. Før den vart skilta som samanhengande E39 mellom Kristiansund og Trondheim i 2000, gikk meir av trafikken gjennom Surnadalen, enten via Sunndalsøra eller via Surnadalsøra. Årsakene til dette er nok ein kombinasjon av at vegstandaren vart betre, og at meir av aktiviteten i området skjedde her. Trafikken aust-vest har to alternativ, enten via Rv 70 (Kristiansund – Tingvoll – Sunndalsøra – Oppdal, eller via Fv 65 (Kristiansund – Halså – Surnadalsøra – Storås). Regionen har med andre ord *tre* større vegsamband gjennom området.

Region utan by

Kristiansund er byen på Nordmøre, men ikkje byen for alle nordmøringane. Indre Nordmøre er på mange måtar eit “randsoneområde” som blir strekt i ulike retningar, på same tid som det blir “klemt” mellom institusjonelle grenser. Den sørlege delen av regionen (Sunndal) vil naturleg orientere seg mot Molde, det same vil Nesset, som står med eitt bein i Romsdalen og eit bein på Nordmøre. Nesset og Sunndal har i tillegg ein god del samarbeid som gjer at dei lett vil orientere seg mot Romsdalen og Molde meir enn mot Nordmøre og Kristiansund. Tingvoll ligg nær opp til Kristiansund geografisk og er i ferd med å utvikle eit bu-område for Kristiansund/Frei, spesielt for den ytre delen av kommunen. Dette gjer Kristiansund til den mest naturlege byen for Tingvoll. Halså ligg ei ferjereise og nokre mil unna Kristiansund, og vil ut frå si plassering naturleg søkje mot Kristiansund, sjølv om kommunen også orienterar seg nordover mellom anna gjennom interkommunalt samarbeid. Rindal står med eitt bein i Sør Trøndelag og Orkangerregionen og orienterar seg meir og meir nordover. For Rindal vil Trondheim vere ein like naturleg by som Kristiansund og Molde. Vårt inntrykk er at Indre Nordmøre deler seg i tre, også når det gjeld kva by som er naturleg å forhalde seg til. Tilhøvet mellom by og omland er gjensidig avhengigheit. Byen treng eit omland, og omlandet treng ein by. I kor stor grad eit omland identifiserer seg med byen vil avhenge av i kor stor grad byen identifiserer seg med omlandet. Difor vil det å bygge ein felles identitet vere viktig for gjensidig positiv utvikling.

Region utan regionsenter

Sunndal har med si industrihistorie og som den mest folkerike kommunen i regionen, fungert som eit handels- og sørvissenter for regionen. Sunndalsøra har vore “hovudstaden” i den grad det har vore nokon slik i regionen. Elles har dei fleste tettstadane i regionen ei lang historie (Amdam og Båtevik 2004). Også for Surnadal og spesielt indre deler av Halså har Sunndalsøra vore eit naturleg handels- og sørvissenter. Etter kvart som kommunikasjonsmønsteret har blitt endra og sentraliseringa har blitt forsterka, har Sunndalsøra mista mykje av denne rolla. Sunndal som kommune har søkt sørover mot Molde, og samarbeidsrelasjonane har i hovudsak vore orientert sørover. Senterutvikling er ofte nært kytt opp til sørvisnæringane.

Nordmøre – todeling i vekst og utvikling?

På mange måtar står Nordmøre fram som eit utstillingsvindaug for den to-delinga av norsk økonomi som er i ferd med å feste seg. Ytre deler av fogderiet har høg aktivitet og vekst knytt til olje/gass og til marin sektor samstundes som Indre Nordmøre har hatt nedgang i sysselsettinga. Samstundes, og delvis som ein konsekvens av denne aktiviteten, har trafikkmønsteret endra seg ved at meir av trafikken nord – sør har flytta seg frå indre til ytre. I perioden frå 2007 – 2010 har Indre Nordmøre

hatt ein nedgang i sysselsettinga på om lag 1,5 % medan ytre del av Nordmøre har hatt ein vekst på i underkant av 1 %. Veksten på ytre er både ei utfordring og ei mulegheit for Indre Nordmøre. Mulegheitene ligg i å kople seg på den aktiviteten som skjer, utfordringa ligg i å unngå at regionen blir tappa for utviklingskraft til ytre.

Regionsamarbeidet som i dag er organisert gjennom Orkidé, vil kunne bli sett på prøve dersom det blir opplevd at fokus i all hovudsak er på ytre. Nordmøre Næringsråd blir også opplevd å vere vendt mest mot ytre. I tillegg til industriutvikling og aktivitetar relatert til kysten, er interessemotsetningar knytt til t.d. sjukehusstruktur, by og land dimensjonen og liknande med å påverke samarbeidet i regionen som heilheit og på Indre Nordmøre. Gode "brubyggjarar" som kan bidra til å knytte by og land og Nordmøre som region betre saman vil vere eit viktig bidrag for utvikling av regionen som heilheit.

Sunnal og Hydro har vore ein viktig aktør for aktiviteten i indre. Dersom vi ser på eigendekning av sysselsette er Sunndal den kommunen med høgast andel (104 per 100) medan Tingvoll har den lågaste (74 per 100). Kva som skjer på Sunndalsøra i regi av Hydro vil vere avhengig av utviklinga på verdsmarknaden og nasjonale rammevilkår som t.d. kraftprisar. Treindustrien (m.a. møbel) i Surnadal er også konkurranseutsett og avhengig av levedyktige vilkår for å oppretthalde og utvikle lokale arbeidsplassar. Etablering av Pipe Life si avdeling og Amfi sitt hovudkontor i Surnadal, er døme på at det også skjer utvikling og etablering på indre. Også aktivitetane knytt til olje og gass er konjunkturavhengig og er med å forsterke dette bildet.

Dei største utfordringane for nyskaping og utvikling på Indre Nordmøre

God infrastruktur som gjev enkel og rask kommunikasjon er viktig for å skape utvikling. Dette gjeld både vegar som er "opne" 24 timar i døgnet og stabilt nett med nok kapasitet for datakommunikasjon. Regionen har ein utfordrande geografi med fjordar og fjordarmar som gjer det ekstra krevjande å ruste opp slik infrastruktur. Indre Nordmøre blir strekt i fleire retningar, nordover mot Trondheim, vestover mot Kristiansund og sørover mot Molde.

Ei stor utfordring for regionen er å bli tettare bundne saman som bu- og arbeidsmarknadsområde, og då er vegnettet viktig. Utbetring av FV 62 har betra kommunikasjonane sørover mot Molde for Sunndal. RV 70 mellom Kristiansund og Oppdal blir peika på å vere ein flaskehals for utviklinga i regionen, det same gjeld FV 65 Frå Halså via Surnadalen. Når det gjeld RV 70 har alle kommunane der vegen går gjennom, gått saman om å koordinere arbeidet med å få til utbetring. Prioriteringane i forhold til bygging av ferjefri E39 vil også vere vesentleg for regionen. Per i dag er det ferjesamband mellom Tingvoll og Halså på E39. Ei fjordkryssing ved dagens E39 vil ha mest direkte effekt for Tingvoll og Halså, samtidig som det lettar kommunikasjonane mellom Rindal og Surnadal på eine sida og Tingvoll og vidare i retning Kristiansund på den andre. I tillegg til desse vegstrekningane, er prosjektet med å få knytt saman Sunndal og Surnadal gjennom Todalsprosjektet (Trollheimstunnelen) det som har størst fokus i regionen. Dette vil gje avløyning av ferja Kvanne-Rykkjem. Prosjektet er prioritert som nr to på fylket si liste over aktuelle vegprosjekt. Om prosjektet skal realiserast med tunnel mellom Ålvundeid og Todalen eller med bru/tunnell over Stangvikfjorden er det delte meiningar om. Målet er uansett å knytte dei to kommunane tettare saman og gjere kommunikasjonen i den indre delen av regionen enklare.

Å utvikle ein meir attraktiv bu- og arbeidsmarknadsregion er eit viktig grep for regionen Indre Nordmøre. For å få til det gjeld det å få knytt kommunane tettare saman og gjere det enklare å

forflytte seg i regionen, enten det gjeld arbeidsreiser, fritidsreiser eller for å nytte kulturtilbod. I tillegg vil det å etablere meir samarbeid, mellom anna på nærings sida mellom kommunane vere viktig.

“Totalsprosjektet” vil i hovudsak gjere Surnadal, Sunndal og indre deler av Tingvoll til eit bu- og arbeidsmarknadsområde. Det som er spennande med dette, er at ein vil knytte saman to ulike kulturar og til dels komplementært næringsliv som gjev større mulegheit for dei som bur her i dag, og gjere området meir interessant for fleire typar kompetanse å flytte dit. Industri- og forskingsmiljøet på Sunndalsøra saman med treindustri- og tenesteyting i Surnadal vil i sum gje eit større mangfald enn i dag. På same vis vil koplingar mellom det vi kan karakterisere som gründerkultur i Surnadal og Tingvoll med arbeidstakarkulturen i Sunndal kunne gje positive effektar. Fjordkryssinga gjennom E39 i regionen, vil i større grad vere ei styrking av koplingane mellom ytre og indre delar av Nordmøre, der kommunane Halså, Surnadal og Rindal vil bli nærare kople mot Kristiansund-området.

Å løyse utfordringane med samferdsel tar tid. Sjølv om nye vegsamband er viktige for å utvikle regionen og legge til rette for meir kommunikasjon mellom kommunane, er det også andre element som må på plass for å bygge eit attraktivt bu- og arbeidsmarknadsområde. Det må leggest til rette for gode buområde, offentleg infrastruktur som barnehagar, skular, omsorgstilbod mv., fritidstilbod, kulturtilbod og elles det som er med å gjere eit område attraktivt for dei som bur der eller som kan tenkast å flytte hit. Dette er noko som det kan (og bør) jobbast med parallelt med å få til effektive samferdselsløysingar.

Den andre store utfordringa for utvikling og nyskaping i regionen, er samarbeid. Samarbeid mellom kommunar, mellom næringslivet og mellom ulike organisasjonar som kvar for seg arbeider med utvikling, blir av informantane peika ut som viktig for regionen framover. Det blir samarbeidd på fleire område i dag, mellom enkeltkommunar, både på utviklingssida (eks. Profero AS¹¹ og Sunndal Næringssselskap AS)¹² og på den politiske sida (eks. felles formannskapsmøter), i tillegg til dei meir formelle arenaene som omfattar heile Nordmøre (Orkidé, Nordmøre Næringsnettverk etc.). Sunndal Næringssselskap (SUNS) og Profero i Surnadal har hatt samarbeid om ulike enkeltprosjekt, men har i 2012 gått eit steg vidare med å etablere eit meir formelt samarbeid gjennom ei strategisk samarbeidsavtale. I tillegg har dei to selskapa fått felles dagleg leiar som gjer det lettare å nytte den samla kompetansen i dei to selskapa på tvers av kommunegrensene. Nabokommunane Tingvoll, Halså og Rindal er også invitert til å delta i dette samarbeidet.

Det er likevel vårt inntrykk at Indre Nordmøre har eit stort potensiale i å få til meir samarbeid mellom kommunane. Sterk identitet til eigen kommune er bra, men dersom det fører til at ein blir for mykje innovervend, er det uheldig. Den enkelte kommune vil åleine ikkje kunne klare å bli “attraktiv” nok både som bu- og arbeidsområde. Krefter og energi brukt på interne stridar og lokaliseringsskampar mellom kommunane bør erstattast med energi for å få trekt ressursar og aktivitetar til regionen. Ein

¹¹ Profero AS driv utviklingssamarbeid i samspel mellom offentlege og private aktørar, og skal bidra med nyskaping og utvikling på Indre Nordmøre. Hovudområde er kompetanse, etablerarretteleing, bedriftsrådgjeving, prosjektleiing mv. Eigararar er Surnadal kommune og lokalt næringsliv.

¹² Sunndal Næringssselskap AS (SUNS) arbeider med bedriftsretta næringsutvikling i Sunndal på vegne av Sunndal kommune. Hovudoppgåvene er tilskotsforvaltning, etablerarretteleing, bedriftsrådgjeving, prosjektleiing mv, selskapet er eigd av Sunndal kommune, Hydro, lokale bankar og anna lokalt næringsliv – **Kjelde: Sunndal Næringssselskap AS – Profero AS – Strategisk samarbeidsavtale**

bør med andre ord bli betre på å støtte opp om prosjekt som kjem til regionen fram for å fokusere på kvar i regionen det skjer.

Den tredje store utfordringa er å kople seg på den aktiviteten som i dag skjer på Ytre Nordmøre knytt til olje og gassindustrien. Vi ser at dette er i ferd med å skje for enkelte miljø (Sunndal / Tingvoll), men i relativt lite omfang førebels. Først og fremst vil dette handle om å bygge kompetanse med utgangspunkt i det eksisterande industrimiljøet, som gjer at ein er i stand til å konkurrere om oppdrag på denne sektoren. For enkelte vil det kunne vere snakk om å sertifisere seg for oppdrag, for andre å nytte kompetanse og teknologi frå andre næringar inn mot olje- og gassindustrien, til å produsere varer som er etterspurt. Dette vil kunne dra aktivitet frå ytre mot indre og omstille industri og tenesteproduksjon mot nye marknader.

Ulike utfordringar for ulike næringar og for ulike deler av regionen

Ei felles utfordring for heile regionen, er befolkningsutviklinga. Frå første kvartal 2005 til første kvartal 2012 har folketalet gått ned med om lag 500 personar. Nedgangen er størst for Sunndal (-174) og minst for Tingvoll (-4). Derimot har regionen ei bra kjønnsfordeling (tal kvinner per 100 menn) i aldersgruppa 30 – 39 år. Både Surnadal og Sunndal har ei bra jamn fordeling medan dei tre andre slit meir med kjønnsbalansen. Når det gjeld næringsutfordringar har t.d. Sunndal utfordringar i høve til utviklinga på metallindustrimarknaden, medan t.d. Halså har utfordringar i høve til omstilling og vidare utvikling innan landbruk. Dei ytre delane av regionen vil ha betre føresetnader for å dra nytte av aktiviteten på ytre og såleis kompensere for eigne utviklingsutfordringar, medan indre deler må konkurrere med ytre om arbeidskraft og kompetanse til utvikling og omstilling av næringslivet. Pendling frå indre til Ytre Nordmøre har auka kraftig frå 2003 og fram til i dag med unntak for Halså, der den har gått ned i perioden 2007 – 2011. Rindal har fleire pendlarar til andre kommunar i regionen (Surnadal) enn til ytre, men elles er bildet eintydig i retning av at Ytre Nordmøre hentar mykje arbeidskraft frå indre.

Utfordringar knytt til samarbeid, er opplevd å vere felles for heile regionen. Spesielt gjeld dette på næringssida, og det gjeld i hovudsak alle bransjar. Vi ser likevel døme på gode samarbeidsprosjekt, som til dømes etablering av ei strategisk samarbeidsavtale og felles leiging av Sunndal Næringssselskap AS og Profero AS. Men det store bildet som blir teikna av regionen, viser lite nettverksbygging på tvers av kommunar og bransjar. På politisk nivå er det meir samarbeid, og generelt får vi eit inntrykk av at behovet både har forsterka seg og modnast over tid.

Når det gjeld næringsstrukturen og utfordringane knytt til denne, er det naturleg nok størst utfordringar der ein har ein ein-sidedig struktur, når konjunkturane buttar i mot. Primærnæringane er framleis viktige for regionen, og den strukturrasjonaliseringa denne næringa har vore gjennom, og framleis vil vere utsett for, er ei utfordring for fleire av kommunane. Surnadal er ei stor landbrukskommune i fylket, men samstundes har Surnadal ein noko breiare samansett næringsstruktur enn til dømes Halså. På same måte er Sunndal utsett for endringar som påverkar i første rekkje Hydro og er difor meir utsett enn Surnadal og Rindal som har fleire bein å støtte seg på. Difor er det viktig å nytte eksisterande kompetanse til å utvikle nye arbeidsplassar i regionen på nye område, slik det har skjedd i t.d. Sunndal (utstyr til fiskeoppdrett, kompetansemiljø med utspring i Hydro som sørvar olje- og gassindustrien). Regionen sett under eitt, blir stadig meir sårbar over for konjunktursvingingar og avhengig av utbyggingstempo og feltutbyggingar på sokkelen. Dette vil også gjelde for andre næringar som t.d. fiskeri/verftsindustrien.

Situasjonen innan handel og servicenæringar er at ein ser at desse er svært avhengig av utviklinga for dei ulike byane og bysentra i heile Møre og Romsdal/Trøndelag-regionen. På grunn av byane sin forsterka situasjon dei seinare åra (Kristiansund, Molde, Orkanger, Trondheim) så har ein ikkje lenger vekst i handel og service i regionsentra og tettstadane på Indre Nordmøre. Desse delane av regionen vert såleis sett stadig meir under press. Sysselsette innan varehandel med vidare har gått ned i alle kommunane i perioden 2008 – 2011 (jf. Fakta for kommunane på Indre Nordmøre, bak i rapporten).

Denne handelsforsterkinga knytt opp mot byane og dei større regionsentera har forsterka seg dei seinare åra, og er eit resultat av endringa i samferdsel, reisemønster og kjøpevanar hos folk flest. Meir og meir handel skjer gjennom dei store kjedene, og dei etablerer seg der dei enklast kan nå eit størst mogleg kundegrunnlag. Det inneber etablering der folk flest bur eller kan kome seg enkelt til.

Hemmande og fremjande faktorar for Indre Nordmøre

Årdal og Sunndal verk, seinare Hydro sin aktivitet har vore ei sentral drivkraft i regionen. I dei «gode» periodane har dette skapt optimisme og sysselsetting både direkte og indirekte. På same vis har dei aktive gründerane som har stått bak mange nye arbeidsplassar i fleire kommunar, vore fremjande for utviklinga i regionen. At det blir etablert nye bedrifter med nasjonale og internasjonale marknader har bidrege til å setje positivt fokus på regionen. Også kulturbasert næringsutvikling har vore positiv for regionen, på same vis som det har vore gjort forsøk på å utvikle reiselivsnæringa og hytte-/fritidsmarknaden. Oppfatninga elles er at regionen er dominert av ein kultur for å stå på, vere arbeidsame og bakke opp dei som vil satse, og at dette har vore fremjande for utviklinga av regionen.

Aktive kommunar og støtteapparatet elles er også avgjerande, og oppfatninga er at kommunane og støtteapparatet er flinke til å følgje opp. Men her som elles blir det peika på at ofte må det samarbeid til for å få til satsingar som kan gje utvikling, og for å ta ut gevinsten av slike satsingar. Eit av måla med det omtalte nærings samarbeidet mellom Sunndal og Surnadal er nettopp å betre utnytte den samla kompetansen på tvers av kommunegrensene, det er eit steg i rett retning mot eit regionfokus fram for eit kommunefokus. Utdringa vil alltid vere å ha kontinuitet og helst vere i forkant for å demme opp for negative utviklingstrekk. Til dømes har ein, trass i fleire forsøk, i liten grad klart å utnytte mulegheitene i reiselivet.

Mest mogleg «framsnacking» av regionen og det som den står for er eit kollektivt ansvar. I periodar med negativ utvikling er det ei ekstra stor utfordring, men desto meir nødvendig.

Det som har vore mest hemmande for utviklinga, slik sentrale aktørar opplever det, er samferdselsutviklinga og kommunikasjonane internt i regionen, og til dels ut av regionen. I tillegg er mangel på sentrale «premissutviklarar» i regionen med å hemme utviklinga. Det manglar personar og instansar som tenkjer meir overordna, noko som kan føre til meir samhandling i regionen. Mangel på samhandling blir av mange trekt fram som ein hemsko for utviklinga og er naturleg å sjå i samheng med dei utfordringane regionen har ved å ligge i eit «grenseland» der ulike krefter trekkjer i ulike retningar og difor vil ha problem med å definere felles mål og strategiar. Evne og vilje til samarbeid saman med ei negativ utvikling på samferdselssektoren blir opplevd å vere den største hemsken for utvikling i regionen.

På same vis som Hydro har vore med å fremje utviklinga, vil ei slik bedrift også vere hemmande for utviklinga dersom ein ikkje er bevist på å utnytte potensialet i å stimulere til knoppskyting og lokale

leveransar til bedrifta. Å vere avhengig av ei stor bedrift er alltid risikofylt, difor vil det å bygge fleire bein i gode tider vere viktig for å unngå dei negative konsekvensane i nedgangstider.

Tilgang til risikokapital, arbeidskraft med rett kompetanse og større grad av forutsigbare rammevilkår for investeringar etc. er generelle faktorar som til ein viss grad har vore med å hemme utviklinga.

Viktige utviklingsaktørar

Å ta del i den store aktiviteten på ytre, vil til ein viss grad vere avhengig av både samferdselsutvikling og samarbeid. Den delen av Tingvoll som geografisk ligg nær Kristiansund er i ferd med å bli ein del av eit felles bu- og arbeidsområde med Kristiansund/Frei/Aure. At ein ligg nær gjer det lettare å tenkje samarbeid. Men for at noko skal skje, må det takast initiativ, frå enkeltpersonar, frå grupper og frå heile lokalsamfunn. Ting skjer ikkje av seg sjølv, og initiativ må ofte kome frå dei som ynskjer å kome på bana. Dei som er på bana vil normalt berre ta initiativ når det samsvarar med eigne interesser. Gjensidig kunnskap om eigen "regional" kompetanse er viktig (kjennskap til bedrifter/kompetanse). Desto betre kjennskap/kunnskap, jo lettare er det ofte å sjå innovasjonsområda i eige miljø og finne fram til nye koplingar mellom miljø. Å skape møteplassar der slik kunnskap kan utviklast er difor eit viktig tiltak og ansvar for sentrale utviklingsaktørar.

Viktige utviklingsaktørar finn ein både i privat og offentleg sektor, og for optimal utvikling vil det oftast krevje samvirke og samhandling mellom desse. Døme på slike vil vere sentrale aktørar innan næringslivet (leiarar) og kommunale og fylkeskommunale politiske og administrative leiarar. Ein er avhengig av eit næringsliv som ser mulegheitene og som har vilje og evne til å gjennomføre. I tillegg er ein avhengig av næringsvenlege kommunar som har ei proaktiv innstilling til næringslivet og til samfunnsutviklinga generelt. På regionalt nivå spelar regionale fora ei sentral rolle, men det er viktig at det er dialog og kommunikasjon mellom sektorane for å kunne avdekke og ta tak i utfordringane. Det blir også peika på at i mange samanhengar vil det vere meir nyttig å samle seg i mindre fora enn heile regionen. På same vis er det viktig med god dialog mellom nivåa (kommune – fylke) og mellom regionane (indre – ytre). Det blir peika på at det spesielt mellom næringslivet og politisk leiing ligg eit stor forbettringspotensiale.

På det operative planet vil utviklingsselskapa og t.d. Innovasjon Norge vere viktige aktørar, men mange etterlyser meir «synlegheit» frå ein del virkemiddelaktørar. Bruken av t.d. Innovasjon Norge i utviklingsprosessar krev uforholdsmessig mykje tid (ressursar). Kulturlivet er også ein viktig aktør for utvikling, spesielt i å bidra til å skape attraktive buområde. Men, eit næringsutviklingsselskap, ein næringskonsulent eller ein rådgjevar frå Innovasjon Norge kan ikkje skape utvikling åleine. Det er først og fremst opp til kvar enkelt av innbyggjarane å bidra, kvar på sin plass. Så må virkemiddelapparatet vere best mogleg på samordna tilrettelegging og oppbaking, ikkje fragmentert og forvirrande for dei som skal nytte seg av det. Dersom dei to næringssselskapa i Sunndal og Surnadal lukkast med sitt samarbeid, er det grunn til å tru at det også vil vere positivt å så måte.

Reelt eller formelt samarbeid i regionen

Som vi har vore inne på fleire stadar i dette kapitlet, har regionen ei utfordring i høve til fragmenteringa på mange område. Både traseval for Todalsfjordsambandet og E39-traseen bidrar til ei deling av regionen etter ein aust – vest dimensjon. I tillegg trekkjer Rindal og i nokre samanhengar Halså (interkommunalt samarbeid) nordover som bidrar til ein nord – sør dimensjon.

Indre Nordmøre har eit samla formelt samarbeid gjennom Orkidé. I tillegg er Nordmøre Næringsråd, ein medlemsorganisasjon for næringsliv, kommunar og organisasjonar, felles for heile Nordmøre. Næringsrådet skal gjennom samarbeid mellom anna med Orkidé og dei lokale næringsorganisasjonane, vere ein samhandlingsarena for kommunane og næringslivet. Eit anna døme er samarbeid om utbetring av Rv 70 mellom dei kommunane vegen går gjennom.

Internt i regionen (Indre Nordmøre) blir det opplevd å vere få reelle samarbeidsarenaer. Mykje verkar for å vere ad-hoc prega og sprikande, naturleg nok ut frå at regionen må forholde seg til så mange og ulike «herrar». På politisk nivå har det vore utprøvt eit samarbeid mellom Halså, Rindal og Surnadal i form av felles formannskapsmøter. I tillegg er det formelt interkommunalt samarbeid om barnevern, ppt og kulturskule. Elles er det lite samarbeid mellom næringsliv/ kommune på tvers av kommunegrensene. Sunndal og Surnadal samarbeider gjennom den nyleg inngåtte samarbeidsavtalen mellom dei to næringssekskapa (SUNS og Profero). På politisk nivå er det elles ein del kontakt mellom Surnadal, Sunndal og Nesset. Sunndal planlegg ei felles trainee-ordning med nabokommunane for rekruttering etter modell frå Kristiansund og Molde.

I tillegg er det fleire samarbeidskonstellasjonar ut av regionen, som til dømes eit samarbeid rundt samhandlingsreforma mellom Tingvoll, Gjemnes og Kristiansund og samarbeid mellom Sunndal og Nesset om næringshage. Rindal samarbeider nordover med Orkangerregionen på område som skatteinnkrevjing, og det kan bli aktuelt å utvide dette. Halså samarbeider også nordover om til dømes renovasjon, med Orkangerregionen.

Med unnatak av det formelle samarbeidet gjennom Orkidé og Nordmøre Næringsråd er det ein sprikande samarbeidsstruktur på Indre Nordmøre. Regionen har ei pragmatisk haldning til samarbeid som deler seg etter geografi, tema og sektor. Mange peikar på behovet for eit tettare samarbeid mellom næringslivet, og mellom næringslivet og kommunen, for betre å kunne utnytte den samla kompetansen i området.

Dersom ein i større grad maktar å samle seg rundt nokre prioriterte utviklingsområde ville det gjere regionen meir «slagkraftig» ut mot eksterne partnerar. Kvar for seg vil initiativ lett kunne bli for puslete og sprikande. Meir samarbeid om utviklingsområde vil også gjere regionen meir synleg og «tyngre» i kampen om dei «kloke hovuda» og på sikt gjere regionen meir attraktiv som bu- og arbeidsmarknadsregion.

For å oppnå samhandling og utvida kunnskapsforståing, er tilgang til og bruk av breiast mogleg tilfang av kunnskap viktig. Slik tilgang er berre mogleg gjennom kommunikasjon mellom aktørar. Auka breidde handlar om å invitere nye aktørar med i utviklingsprosessar. Idealet om samhandling mellom offentlege, private og frivillige aktørar bør utviklast meir. Som vi har vist ovanfor er det noko samarbeid både mellom kommunar og mellom sektorar, men etablering av arenaer der ulike aktørar møtast, vil vere eit viktig bidrag i å utvikle ei meir felles forståing for dei regionale utfordringane og mulegheitene.

Gründerregionen Indre Nordmøre

Indre Nordmøre, og spesielt kanskje Rindal, Surnadal og Tingvoll har lange gründertradisjonar å vise til. Nokre døme på dette kan vere “Rindalshytta” i Rindal, etablering av Amfi- kjeden, Pipe Life, Talgø m.m. i Surnadal, og mellom anna Sellgrens Veveri (Innvik Sellgren) og Norsol i Tingvoll, som alle er

gode døme på gründerkultur og entreprenørskap i denne regionen. Faktum er at regionen har lange tradisjonar for å drive nyskaping og utvikling.

Haldningane til etablering og gründerkap er gode, og det er ingen ting som tyder på at det er forskjell mellom indre og ytre når det gjeld etableringsvilje/mentalitet. Likevel kan det virke som regionen har negativ oppfatning av seg sjølv på dette området. At det trygge og sikre er med på å styre meir i indre enn ytre kan også vere ei forklaring på eventuelle forskjellar på risikovilje og satsing. Styrking av gründerånda og stimulering til entreprenørskap krev innsats frå private og offentlege aktørar.

Mange av støtteordningane som er lagt opp for å fange opp og støtte opp om det nyskapande, kan virke for å vere så strukturerte og formaliserte at dei ekskluderer den kreative entreprenøren. Den klassiske entreprenøren er kreativ og god på intuisjon, men dårleg på papir og struktur. Difor er den innovative entreprenøren sjeldan å finne på etablererkurs eller bedriftsutviklingsamlingar.

For å stimulere til auka aktivitet, må det leggest til rette for fleire vekstetableringar ved å satse på den individuelle entreprenøren og utvide det kollektive entreprenørskapet ved å invitere nye samarbeidspartnarar til å utvise samfunnsansvar og delta i utviklingsprosessar. Entreprenørskap handlar om nye kombinasjonar, nye idear og nye relasjonar som i sum eller kvar for seg bidrar til å utvikle samfunnet. Entreprenørskap representerer noko nytt, ei endring, og det er normalt med motstand mot endring. Å knyte saman ulike typar kunnskap som til dømes VRI-konseptet legg opp til på regionnivå, vil kunne vere vegen å gå for utvikling av meir gründerånd i regionen.¹³

Moment for vidare drøfting

Tilbakemeldingane frå ein del sentrale aktørar frå næringsliv, politikk og det sivile samfunn på Indre Nordmøre byggjer delvis opp under funna frå den føregåande analysen, samtidig som dei også gir eit breiare og meir nyansert bilete av situasjonen i regionen. Inntrykket er at det fragmenterte preget viser att i fleire samanhengar. Det er sjølvstykke ein styrke i det at ein gjennom å kunne knyte seg til andre regionar også kan dra nytte av aktivitet som skjer der, anten det er snakk om oljeaktiviteten i Kristiansund eller det breie tilbodet Trondheim har på ulike felt. Samtidig ligg det ei klar utfordring i at regionen kan bli «tappa» for utviklingskraft, dersom ein ikkje samtidig også vektlegg intern utvikling av regionen. I tillegg til fragmenteringa i seg sjølv, er det fleire forhold som kan representere utfordringar for regionen. Spørsmålet er i kva grad ein i fellesskap arbeider for å løyse desse utfordringane.

Sentrale utfordringar elles er knytt til rekruttering og befolkningsutvikling, regionbygging gjennom vegutbygging, omstilling innan næringsliv og eventuelt potensiale for i sterkare grad å kople seg på aktiviteten i ytre, særleg i Kristiansund og resten av ytre Nordmøre, men også Molde-regionen. Det er også framleis slik at det som skjer med og rundt Hydro, set eit klart preg på regionen, både på godt og vondt knytt opp til endra konjunkturar med utbyggings- eller stagnasjonsperiodar. I tillegg er fleire delar av regionen i sterk grad avhengig av rammevilkåra for landbruket, gitt at dette er ei næring som står sterkt i fleire av kommunane.

Det ligg eit potensiale i det som blir omtala som ein kultur for å støtte opp og fremje utviklinga i regionen. Viljen til nyskaping og etablering blir opplevd som reell og dette har også gitt utslag i

¹³ <http://vrimr.no/>

konkrete og levedyktige etableringar. Støtteapparata i kommunane blir opplevd som aktive. Det er også døme på at det er utvikla samarbeid der ein har teke utgangspunkt i regionen eller i alle høve delar av regionen. Det er likevel grunn til å understreke at det totalt sett er få reelle samarbeidsarenaer for Indre Nordmøre. Dei tilløp som har vore blir gjerne opplevd å ha ad hoc-karakter, samtidig som dei samarbeidsarenaene som ein deltek i vel så ofte peikar ut av regionen i staden for å bygge interne arenaer. Derfor blir det også etterlyst premissleverandørar som tenkjer fellesskap og fremjar samhandling, gitt at målsetjinga er å byggje regionen internt.

Fakta for kommunane på Indre Nordmøre

Tabell 20. Årleg endring i sysselsetting 2001-2011 fordelt på kommunar. Per 4. kvartal Prosent.¹⁴

	Årleg endring i sysselsette									
	2001-02	2002-03	2003-04	2004-05	2005-06	2006-07	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11
Tingvoll	1,1	-0,4	0,3	-0,6	-0,1	0,4	3,7	2,8	-2,1	1,2
Sunndal	1,4	-1,0	-0,1	-2,0	-1,5	0,5	3,4	3,6	-1,5	-2,7
Surnadal	-2,9	6,2	-1,8	1,5	0,1	0,7	-0,1	3,8	-1,8	-1,6
Rindal	-2,1	3,4	-1,8	-1,5	-0,6	0,2	1,5	1,9	-1,6	2,9
Halsa	1,1	0,2	-1,2	-1,1	-1,2	0,4	1,7	3,4	-1,0	-2,5


Tabell 21. Sysselsette fordelt etter bustadkommune 2003, 2007 og 2011. Per 4. kvartal. Prosent.

	2003	2007	2011	Endring i prosent 2003-207	Endring i prosent 2007-11	Endring 2003-2007	Endring 2007-11
Tingvoll	1433	1527	1484	6,6	-2,8	94	-43
Sunndal	3633	3770	3561	3,8	-5,5	137	-209
Surnadal	3042	3169	3017	4,2	-4,8	127	-152
Rindal	1037	1033	1071	-0,4	3,7	-4	38
Halsa	842	858	807	1,9	-5,9	16	-51

Tabell 22. Endring i sysselsetting fordelt etter bustadkommune 2003, 2007 og 2011 fordelt på kjønn. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent.

		Endring i prosent 2003-07	Endring i prosent 2007-11	Kjønnsfordeling 2003	Kjønnsfordeling 2011	Antal 2011
		Tingvoll	Menn	5,7	-1,8	53,7
	Kvinner	7,5	-3,9	46,3	46,2	685
Sunndal	Menn	2,2	-6,5	54,3	52,9	1884
	Kvinner	5,7	-4,4	45,7	47,1	1677
Surnadal	Menn	3,4	-4,3	54,7	54,6	1647
	Kvinner	5,2	-5,4	45,3	45,4	1370
Rindal	Menn	0,9	-0,7	55,0	53,3	571
	Kvinner	-1,9	9,2	45,0	46,7	500
Halsa	Menn	2,8	-7,4	54,5	54,2	437
	Kvinner	0,8	-4,1	45,5	45,8	370

¹⁴ På grunn av endringar i registreringane hos Statistisk sentralbyrå, er 15-åringar rekna med i statistikken frå og med 2005. I praksis gav dette ein auke på 60 sysselsette personar for Indre Nordmøre sin del, ein auke som ikkje var reell, men altså skuldast omlegging av grunnlaget for statistikken.



Figur 51. Sysselettede fordelt etter alder og kommune 2011 . Per 4. kvartal. Prosent.

Tabell 23. Sysselettede fordelt innan jordbruk, skogbruk og fiske, fordelt etter bustadkommune og alder 2011. Per 4. kvartal. Prosent.

	Jordbruk, skogbruk og fiske				
	Tingvoll	Sunndal	Surnadal	Rindal	Halså
15-19 år	7,7	10,2	14,3	13,1	11,5
20-24 år	7,0	5,1	6,4	6,0	9,2
25-39 år	24,6	16,1	15,5	16,7	20,6
40-54 år	24,6	25,5	31,9	30,4	30,5
55-66 år	25,4	30,7	21,1	26,8	22,9
67-74 år	10,6	12,4	10,8	7,1	5,3
N	142	137	251	168	131

Tabell 24. Sysselettede fordelt innan industri, fordelt etter bustadkommune og alder 2011. Per 4. kvartal. Prosent.

	Industri				
	Tingvoll	Sunndal	Surnadal	Rindal	Halså
15-19 år	1,9	2,5	3,4	6,0	2,5
20-24 år	3,2	3,2	3,4	9,5	10,7
25-39 år	25,3	25,3	26,8	33,3	24,6
40-54 år	40,9	49,2	42,0	31,0	34,4
55-66 år	24,7	19,5	22,3	17,9	26,2
67-74 år	3,9	0,2	2,0	1,8	1,6
N	154	928	440	167	122

Tabell 25. Sysselsette fordelt innan offentlig administrasjon, forsvar, sosialforsikring, undervisning og helse- og sosialtenester, fordelt etter bustadkommune og alder 2011. Per 4. kvartal. Prosent.

	Off. adm., undervisning, helse mm				
	Tingvoll	Sunndal	Surnadal	Rindal	Halsa
15-19 år	1,6	3,3	4,2	4,1	2,5
20-24 år	8,7	7,8	7,3	8,1	8,9
25-39 år	27,4	25,4	27,5	26,9	25,7
40-54 år	36,9	40,4	37,6	35,0	35,0
55-66 år	22,6	21,5	22,1	24,1	24,3
67-74 år	2,8	1,6	1,3	1,9	3,6
N	504	1021	983	320	280

Tabell 26. Sysselsette etter region og utdanningsnivå 2003, 2007 og 2011. Andel og endring. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

		2003	2007	2011	Endring prosent-poeng 2003-07	Endring prosent-poeng 2007-11	Endring faktiske tal 2003-07	Endring faktiske tal 2007-11
Tingvoll	Vidaregåande og lågare	75,6	73,1	69,3	-2,4	-3,9	34	-89
	Univ.- og høgskuleutd., 1-4 år	17,7	17,2	19,1	-0,4	1,9	10	21
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	4,5	4,3	5,3	-0,2	1,0	1	13
	Uoppgitt utdanning	2,3	5,4	6,3	3,1	1,0	49	12
Sunndal	Vidaregåande og lågare	77,2	74,7	73,0	-2,5	-1,6	12	-214
	Univ.- og høgskuleutd., 1-4 år	16,9	16,8	18,7	0,0	1,8	22	30
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	4,3	4,4	4,5	0,1	0,2	10	-3
	Uoppgitt utdanning	1,7	4,1	3,7	2,4	-0,4	93	-22
Surnadal	Vidaregåande og lågare	81,0	78,2	74,5	-2,7	-3,7	16	-232
	Univ.- og høgskuleutd., 1-4 år	14,9	16,3	18,5	1,4	2,2	63	42
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	2,5	3,1	3,2	0,5	0,2	20	0
	Uoppgitt utdanning	1,6	2,5	3,8	0,8	1,4	28	38
Rindal	Vidaregåande og lågare	80,3	79,5	77,2	-0,9	-2,3	-12	6
	Univ.- og høgskuleutd., 1-4 år	16,8	16,4	17,8	-0,4	1,5	-5	22
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	1,8	2,0	2,6	0,2	0,6	2	7
	Uoppgitt utdanning	1,1	2,1	2,3	1,1	0,2	11	3
Halsa	Vidaregåande og lågare	80,5	78,2	75,6	-2,3	-2,6	-7	-61
	Univ.- og høgskuleutd., 1-4 år	15,8	16,0	18,3	0,2	2,4	4	11
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	2,0	2,2	2,1	0,2	-0,1	2	-2
	Uoppgitt utdanning	1,7	3,6	4,0	2,0	0,4	17	1

Tabell 27. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og fagfelt. Indre Nordmøre 2005- 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.¹⁵

		Årleg endring i gjennomsnitt Prosent		
		2005-07	2007-11	2011
Tingvoll	Allmenne fag	1,4	-3,9	434
	Humanistiske og estetiske fag	2,9	-1,4	51
	Lærerutdanninger og utdanninger i pedagogikk	6,5	2,6	105
	Samfunnsfag og juridiske fag	13,3	5,3	23
	Økonomiske og administrative fag	0,6	-5,7	67
	Naturvitenskapelige fag, håndverksfag og tekniske fag	-0,2	2,6	322
	Helse-, sosial- og idrettsfag	3,3	0,9	235
	Primærnæringsfag	1,1	-2,4	86
	Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	4,5	2,5	67
	Uoppgitt fagfelt	50,0	3,7	94
Sunddal	Allmenne fag	4,3	-3,5	962
	Humanistiske og estetiske fag	0,0	-2,5	109
	Lærerutdanninger og utdanninger i pedagogikk	0,8	0,6	208
	Samfunnsfag og juridiske fag	5,4	1,8	44
	Økonomiske og administrative fag	1,1	-1,2	321
	Naturvitenskapelige fag, håndverksfag og tekniske fag	2,4	-0,1	1172
	Helse-, sosial- og idrettsfag	1,7	0,8	459
	Primærnæringsfag	-0,5	-4,3	82
	Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	-3,2	-0,3	71
	Uoppgitt fagfelt	57,6	-3,5	133
Surnadal	Allmenne fag	1,0	-4,0	973
	Humanistiske og estetiske fag	1,3	-4,5	63
	Lærerutdanninger og utdanninger i pedagogikk	2,6	-0,3	181
	Samfunnsfag og juridiske fag	-3,2	4,3	34
	Økonomiske og administrative fag	-1,3	-2,6	275
	Naturvitenskapelige fag, håndverksfag og tekniske fag	2,1	0,4	753
	Helse-, sosial- og idrettsfag	3,2	1,8	411
	Primærnæringsfag	-0,8	-2,9	108
	Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	0,0	2,4	103
	Uoppgitt fagfelt	50,0	12,2	116

¹⁵ Statistisk sentralbyrå endra grunnlaget for sysselsettingsstatistikken for å tilpasse seg internasjonale råd, noko som gjer det umogleg å samanlikne utviklinga innan fagfelt før og etter 2005. Dei eldste tala som kan brukast for den samanlikninga som blir brukt i denne tabellen er derfor frå 2005.

Tabell 28. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og fagfelt. Indre Nordmøre 2005-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

		Årleg endring i gjennomsnitt Prosent		
		2005-07	2007-11	2011
Rindal	Allmenne fag	1,5	-1,8	291
	Humanistiske og estetiske fag	1,9	0,0	28
	Lærerutdanninger og utdanninger i pedagogikk	-4,0	1,7	62
	Samfunnsfag og juridiske fag	8,3	1,8	15
	Økonomiske og administrative fag	-1,6	-1,9	84
	Naturvitenskapelige fag, håndverksfag og tekniske fag	2,8	3,9	302
	Helse-, sosial- og idrettsfag	1,4	2,8	167
	Primærnæringsfag	-1,8	-0,9	78
	Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	-11,1	8,9	19
	Uoppgitt fagfelt	316,7	3,4	25
Halsa	Allmenne fag	2,3	-4,5	245
	Humanistiske og estetiske fag	7,1	3,1	27
	Lærerutdanninger og utdanninger i pedagogikk	-1,9	0,0	52
	Samfunnsfag og juridiske fag	50,0	0,0	12
	Økonomiske og administrative fag	-2,5	-5,2	46
	Naturvitenskapelige fag, håndverksfag og tekniske fag	1,7	0,4	183
	Helse-, sosial- og idrettsfag	1,7	0,6	127
	Primærnæringsfag	-6,0	2,5	56
	Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	0,0	0,0	27
	Uoppgitt fagfelt	122,2	0,8	32

Tabell 29. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og yrkesfelt. Indre Nordmøre 2007-2010. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

		2007- 2008	2008- 2009	2009- 2010	2007- 2010	2010	Prosent tilsette 2010
Tingvoll	Leiaryrke	2,4	-1,2	7,1	8,4	90	6,1
	Akademiske yrke	2,5	5,6	-6,8	0,8	123	8,3
	Høgskuleyrke	0,4	7,5	0,0	7,9	258	17,4
	Kontoryrke	0,0	-4,1	-21,1	-24,3	56	3,8
	Sals- og serviceyrke	-6,4	1,1	-1,9	-7,2	363	24,5
	Bønder, fiskarar mv.	-11,4	3,0	1,5	-7,4	138	9,3
	Handverkarar	4,5	0,0	5,9	10,7	196	13,2
	Operatørar, sjåførar mv.	-4,1	-9,1	-7,4	-19,4	175	11,8
	Andre yrke	4,0	14,1	-9,0	8,0	81	5,5
	I alt	-2,2	1,4	-2,2	-3,1	1480	100,0
Sunndal	Leiaryrke	-5,6	4,2	2,9	1,1	179	5,1
	Akademiske yrke	1,2	0,4	2,0	3,6	261	7,4
	Høgskuleyrke	0,9	-2,9	3,2	1,2	700	19,8
	Kontoryrke	-3,4	-4,1	-12,1	-18,5	145	4,1
	Sals- og serviceyrke	0,9	3,6	-4,1	0,3	874	24,7
	Bønder, fiskarar mv.	-16,8	15,3	-15,4	-18,8	121	3,4
	Handverkarar	-6,4	-6,9	1,9	-11,2	317	9,0
	Operatørar, sjåførar mv.	0,2	-10,3	-5,4	-15,0	749	21,2
	Andre yrke	-6,6	-7,6	4,4	-9,9	191	5,4
	I alt	-1,6	-2,6	-2,1	-6,2	3537	100,0
Surnadal	Leiaryrke	4,9	-0,5	4,2	8,8	198	6,5
	Akademiske yrke	-3,6	4,9	2,9	4,2	175	5,7
	Høgskuleyrke	-1,4	-2,5	6,1	2,0	501	16,4
	Kontoryrke	2,9	-7,8	-6,7	-11,5	154	5,1
	Sals- og serviceyrke	-3,1	1,2	-4,7	-6,5	791	26,0
	Bønder, fiskarar mv.	-7,9	4,9	-5,4	-8,6	243	8,0
	Handverkarar	4,6	-2,3	0,8	3,0	381	12,5
	Operatørar, sjåførar mv.	-4,6	-5,2	0,7	-9,0	457	15,0
	Andre yrke	-4,1	-12,2	2,8	-13,5	148	4,9
	I alt	-1,9	-1,6	-0,4	-3,8	3048	100,0
Rindal	Leiaryrke	0,0	18,6	23,5	46,5	63	5,9
	Akademiske yrke	-7,7	2,1	0,0	-5,8	49	4,6
	Høgskuleyrke	4,7	3,8	-2,5	6,0	158	14,8
	Kontoryrke	-6,3	2,2	17,4	12,5	54	5,1
	Sals- og serviceyrke	2,3	9,5	-2,9	8,8	235	22,0
	Bønder, fiskarar mv.	-8,1	0,6	0,0	-7,6	159	14,9
	Handverkarar	-4,5	-4,1	1,8	-6,7	167	15,6
	Operatørar, sjåførar mv.	-2,9	6,0	-0,7	2,2	140	13,1
	Andre yrke	13,5	-28,6	43,3	16,2	43	4,0
	I alt	-1,5	2,7	2,3	3,4	1068	100,0
Halsa	Leiaryrke	4,8	9,1	-20,8	-9,5	38	4,6
	Akademiske yrke	-4,9	0,0	5,1	0,0	41	5,0
	Høgskuleyrke	-5,8	0,8	9,9	4,3	144	17,6
	Kontoryrke	-4,9	-28,2	-3,6	-34,1	27	3,3
	Sals- og serviceyrke	-4,3	0,5	1,5	-2,4	205	25,1
	Bønder, fiskarar mv.	13,8	-5,3	-8,8	-1,7	114	13,9
	Handverkarar	-2,2	1,5	1,5	0,7	137	16,7
	Operatørar, sjåførar mv.	-18,2	-2,5	-5,1	-24,2	75	9,2
	Andre yrke	40,0	-16,3	-9,8	5,7	37	4,5
	I alt	-1,2	-2,4	-1,2	-4,7	818	100,0

Tabell 30. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og næring. Indre Nordmøre 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

		2008-09	2009-10	2010-11	2008-11	Sysselsette 2011	Prosent tilsette 2011
Tingvoll	Jordbruk, skogbruk og fiske	5,9	3,5	-4,7	4,4	142	9,6
	Sekundærnæringar	-7,7	-3,3	4,0	-7,2	363	24,5
	Varehandel, hotell og restaurant m.m*	5,0	-6,1	-0,2	-1,6	429	28,9
	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	20,3	16,9	-13,3	22,0	72	4,9
	Undervisning	-0,8	-7,0	-1,7	-9,3	117	7,9
	Helse- og sosialtenester	1,0	-1,6	3,6	2,9	315	21,2
	Personleg tenesteyting	16,7	8,6	0,0	26,7	38	2,6
	Uoppgitt	-12,5	14,3	0,0	0,0	8	0,5
	I alt	1,2	-2,2	0,3	-0,7	1484	100,0
Sunndal	Jordbruk, skogbruk og fiske	16,9	-6,9	1,5	10,5	137	3,8
	Sekundærnæringar	-11,5	-1,3	0,1	-12,6	1353	38,0
	Varehandel, hotell og restaurant m.m*	0,2	-7,5	3,1	-4,4	929	26,1
	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	-3,2	2,2	7,5	6,4	100	2,8
	Undervisning	2,0	1,2	-2,0	1,2	250	7,0
	Helse- og sosialtenester	7,3	2,3	-0,3	9,5	671	18,8
	Personleg tenesteyting	11,0	7,2	-8,4	9,0	109	3,1
	Uoppgitt	-13,3	-15,4	9,1	-20,0	12	0,3
	I alt	-2,7	-2,1	0,6	-4,1	3561	100,0
Surnadal	Jordbruk, skogbruk og fiske	-0,4	-5,9	-2,3	-8,4	251	8,3
	Sekundærnæringar	-4,3	-1,8	2,8	-3,4	800	26,5
	Varehandel, hotell og restaurant m.m*	0,4	1,1	-2,5	-1,0	914	30,3
	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	-4,7	5,0	4,7	4,7	111	3,7
	Undervisning	3,1	2,6	-4,2	1,3	226	7,5
	Helse- og sosialtenester	-2,8	-1,2	-0,2	-4,2	646	21,4
	Personleg tenesteyting	6,5	-3,0	-9,4	-6,5	58	1,9
	Uoppgitt	-22,7	29,4	-50,0	-50,0	11	0,4
	I alt	-1,6	-0,5	-1,0	-3,1	3017	100,0
Rindal	Jordbruk, skogbruk og fiske	-1,2	2,4	0,0	1,2	168	15,7
	Sekundærnæringar	3,3	5,8	-3,1	6,0	317	29,6
	Varehandel, hotell og restaurant m.m*	3,7	-5,6	3,4	1,2	246	23,0
	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	21,9	12,8	-15,9	15,6	37	3,5
	Undervisning	14,3	-7,8	16,9	23,2	69	6,4
	Helse- og sosialtenester	0,5	5,0	1,9	7,5	214	20,0
	Personleg tenesteyting	-25,0	6,7	0,0	-20,0	16	1,5
	Uoppgitt	100,0	200,0	-33,3	300,0	4	0,4
	I alt	2,9	2,2	0,3	5,4	1071	100,0
Halsa	Jordbruk, skogbruk og fiske	-4,3	-8,1	5,6	-7,1	131	16,2
	Sekundærnæringar	-9,5	-1,5	-3,5	-14,0	191	23,7
	Varehandel, hotell og restaurant m.m*	-5,5	-2,1	1,1	-6,5	188	23,3
	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	-16,7	11,4	-2,6	-9,5	38	4,7
	Undervisning	23,8	5,8	-12,7	14,3	48	5,9


Helse- og sosialtenester	7,8	1,6	-1,0	8,4	194	24,0
Personleg tenesteyting	21,4	-5,9	-25,0	-14,3	12	1,5
Uoppgitt	-37,5	0,0	0,0	-37,5	5	0,6
I alt	-2,5	-1,1	-1,5	-4,9	807	100,0

*Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstenester, forretningsmessig tenesteyting, eigedom

Tabell 31. Endring i sysselsetting etter bustadkommune og sektor. Indre Nordmøre 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB


		2008- 09	2009- 10	2010- 11	2008- 11	Sysselsette 2011	Prosent tilsette 2011
Tingvoll	Statleg forvaltning	8,8	1,1	0,0	10,0	88	5,9
	Fylkeskommunal forvaltning	-6,8	7,3	0,0	0,0	44	3,0
	Kommunal forvaltning	4,5	-1,7	1,1	3,0	409	27,6
	Privat sektor og off. foretak	-0,4	-3,1	3,4	-3,2	943	63,5
	I alt	1,2	-2,2	4,5	-0,7	1484	100,0
Sunndal	Statleg forvaltning	-13,0	-6,7	1,1	-17,4	57	1,6
	Fylkeskommunal forvaltning	8,5	6,3	0,0	15,3	68	1,9
	Kommunal forvaltning	6,1	3,8	-2,3	9,9	955	26,8
	Privat sektor og off. foretak	-5,4	-4,3	26,1	-8,7	2481	69,7
	I alt	-2,7	-2,1	25,0	-4,1	3561	100,0
Surnadal	Statleg forvaltning	-10,8	22,7	-3,4	5,4	78	2,6
	Fylkeskommunal forvaltning	-3,8	-3,9	2,3	-3,8	51	1,7
	Kommunal forvaltning	-1,6	-0,8	-18,2	-4,4	755	25,0
	Privat sektor og off. foretak	-1,3	-1,0	-14,8	-2,8	2133	70,7
	I alt	-1,6	-0,5	-34,1	-3,1	3017	100,0
Rindal	Statleg forvaltning	-12,0	22,7	-6,8	-16,0	21	2,0
	Fylkeskommunal forvaltning	10,0	0,0	1,1	20,0	12	1,1
	Kommunal forvaltning	3,4	2,5	12,5	10,2	293	27,4
	Privat sektor og off. foretak	3,1	1,5	-3,4	4,2	745	69,6
	I alt	2,9	2,2	3,4	5,4	1071	100,0
Halsa	Statleg forvaltning	-27,6	47,6	1,1	10,3	32	4,0
	Fylkeskommunal forvaltning	0,0	20,0	-4,5	-60,0	2	0,2
	Kommunal forvaltning	6,6	-3,3	8,0	6,1	242	30,0
	Privat sektor og off. foretak	-4,8	-2,1	-18,2	-9,5	531	65,8
	I alt	-2,5	-1,1	-13,6	-4,9	807	100,0

Sysselsette - endring i prosent 2008-11



Figur 52. Endring i sysselsette etter næring og bustadkommune. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Sysselsette - endring i prosent 2008-11



Figur 53. Endring i sysselsette etter næring og bustadkommune. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Tabell 32. Sysselsette i bergverksdrift og utvinning. Andel av alle sysselsette og endring 2010-11 fordelt etter kommune.
Kjelde: Statistikkbanken, SSB.¹⁶

	Bergverksdrift og utvinning			
	Andel sysselsette 2011	Endring 2010-11	Sysselsette i bergverksdrift og utvinning 2011	Sysselsette i alt 2011
Tingvoll	2,0	15,4	30	1484
Sunndal	1,7	-3,2	61	3561
Surnadal	1,3	14,7	39	3017
Rindal	1,0	10,0	11	1071
Halsa	0,7	-14,3	6	807

Tabell 33. Sysselsette etter bustad fordelt på kommunar. Endring 2003-2011.

	Sysselsette etter bustadkommune			Endring faktiske tal		Endring prosent	
	2003	2007	2011	2003-07	2007-11	2003-07	2007-11
Tingvoll	1433	1527	1484	94	-43	6,6	-2,8
Sunndal	3633	3770	3561	137	-209	3,8	-5,5
Surnadal	3042	3169	3017	127	-152	4,2	-4,8
Rindal	1037	1033	1071	-4	38	-0,4	3,7
Halsa	842	858	807	16	-51	1,9	-5,9

Tabell 34. Sysselsette etter arbeidsstad fordelt på kommune. 2003-2011.

	Sysselsette etter arbeidsstad			Endring faktiske tal		Endring prosent	
	2003	2007	2011	2003-07	2007-11	2003-07	2007-11
Tingvoll	1053	1119	1080	66	-39	6,3	-3,5
Sunndal	3900	4082	3712	182	-370	4,7	-9,1
Surnadal	2736	2877	2846	141	-31	5,2	-1,1
Rindal	954	937	885	-17	-52	-1,8	-5,5
Halsa	739	725	683	-14	-42	-1,9	-5,8

Tabell 35. Utpendling frå Tingvoll. Endring 2003-11.

Oppmøtekommunar	Endring i prosent		Faktiske tal	Viktige oppmøtekommunar (tal pendlarar)
	2003-07	2007-11	2011	2011
Andre kommunar i regionen	-10,3	-18,8	134	Sunndal (109)
Ytre Nordmøre	48,7	28,0	215	Kristiansund (178)
Møre og Romsdal elles	-22,7	-1,5	67	Molde (44)
Orkdal	*	*	0	
Landet elles	20,2	-10,6	101	Trondheim (27)

¹⁶ I 2010 gjennomførte Statistisk sentralbyrå ei endring av klassifisering verksemdar som tidlegare var plassert i industrien til utvinning av råolje og naturgass. Dermed kan ikkje nyare tal samanliknast med tal frå før 2010.

Tabell 36. Utpendling frå Sunndal. Endring 2003-11.

Oppmøtekommar	Endring i prosent		Faktiske tal	Viktige oppmøtekommunar (tal pendlarar)
	2003-07	2007-11	2011	2011
Andre kommunar i regionen	11,4	-14,3	42	Surnadal (25)
Ytre Nordmøre	106,7	96,8	61	Gjemnes (32) Kristiansund (26)
Møre og Romsdal elles	59,0	26,8	123	Molde (63) Nesset (25)
Orkdal	*	*	2	
Landet elles	-0,4	7,6	256	Oslo (44) Årdal (41) Trondheim (41)

Tabell 37. Utpendling frå Surnadal. Endring 2003-11.

Oppmøtekommar	Endring i prosent		Faktiske tal	Viktige oppmøtekommunar (tal pendlarar)
	2003-07	2007-11	2011	2011
Andre kommunar i regionen	14,7	-10,8	272	Sunndal (119) Rindal (104) Halså (42)
Ytre Nordmøre	25,0	8,0	54	Kristiansund (43)
Møre og Romsdal elles	29,2	-14,5	53	Molde (37)
Orkdal	-22,7	17,6	20	Orkdal (10)
Landet elles	-7,3	0,5	205	Trondheim (69) Oslo (24)

Tabell 38. Utpendling frå Rindal. Endring 2003-11.¹⁷

Oppmøtekommar	Endring i prosent		Faktiske tal	Viktige oppmøtekommunar (tal pendlarar)
	2003-07	2007-11	2011	2011
Andre kommunar i regionen	5,0	68,8	211	Surnadal (195)
Ytre Nordmøre	80,0	22,2	11	
Møre og Romsdal elles	-*	-*	4	
Orkdal	50,0	10,4	53	Orkdal (26) Meldal (24)
Landet elles	-4,9	10,4	85	Trondheim (39)

*På grunn av få pendlarar, brukar vi ikkje prosenttal hel.

Tabell 39. Utpendling frå Halså. Endring 2003-11.

Oppmøtekommar	Endring i prosent		Faktiske tal	Viktige oppmøtekommunar (tal pendlarar)
	2003-07	2007-11	2011	2011
Andre kommunar i regionen	56,4	-2,3	84	Surnadal (71)
Ytre Nordmøre	58,3	-10,5	51	Kristiansund (35)
Møre og Romsdal elles	46,7	-36,4	14	
Orkdal	-20,0	125,0	18	
Landet elles	-30,1	2,8	74	Trondheim (35)

¹⁷ Nokre pendlartal er ikkje reelle, fordi enkelte arbeidstakarar har registrert arbeidsstad i ein annan kommune, sjølv om dei arbeider i heimkommunen. Gjennom omorganisering av avløyserartenester i kommunane Rindal, Surnadal og Halså, har fleire vorte registrerte som pendlarar til Surnadal, sjølv om dei framleis bur og arbeider i heimkommunen. Mellom 40 og 45 er registrerte avløyserar frå Rindal i Surnadal og tilsvarande med rundt 10 avløyserar i Halså.

Tabell 40. Pendling til Tingvoll. Endring 2003-11.

Oppmøtekommunar	Endring i prosent		Faktiske tal
	2003-07	2007-11	2011
Andre kommunar i regionen	26,3	20,8	29
Ytre Nordmøre	-12,8	17,6	40
Møre og Romsdal elles	28,6	44,4	13
Orkdal	.*	.*	1
Landet elles	11,4	-23,1	30

*På grunn av få pendlarar, brukar vi ikkje prosenttal hel.

Tabell 41. Pendling til Sunndal. Endring 2003-11.

Oppmøtekommar	Endring i prosent		Faktiske tal
	2003-07	2007-11	2011
Andre kommunar i regionen	6,1	-25,2	246
Ytre Nordmøre	96,7	-10,2	53
Møre og Romsdal elles	22,5	-14,2	182
Orkdal	75,0	-50,0	7
Landet elles	8,5	27,8	147

Tabell 42. Pendling til Surnadal. Endring 2003-11.

Oppmøtekommar	Endring i prosent		Faktiske tal
	2003-07	2007-11	2011
Andre kommunar i regionen	10,0	44,5	302
Ytre Nordmøre	300,0	-6,3	15
Møre og Romsdal elles	50,0	-8,3	11
Orkdal	63,6	-22,2	14
Landet elles	18,2	1,1	92


Tabell 43. Pendling til Rindal. Endring 2003-11.

Oppmøtekommar	Endring i prosent		Faktiske tal
	2003-07	2007-11	2011
Andre kommunar i regionen	16,1	-2,8	105
Ytre Nordmøre	.*	.*	0
Møre og Romsdal elles	.*	.*	0
Orkdal	-10,9	7,3	44
Landet elles	31,3	42,9	30

*På grunn av få pendlarar, brukar vi ikkje prosenttal hel.


Tabell 44. Pendling til Halså. Endring 2003-11.

Oppmøtekommar	Endring i prosent		Faktiske tal
	2003-07	2007-11	2011
Andre kommunar i regionen	7,1	1,7	61
Ytre Nordmøre	-48,1	42,9	20
Møre og Romsdal elles	0,0	66,7	5
Orkdal	11,1	-25,0	15
Landet elles	25,0	6,7	16




Figur 54. Andel innvandrara blant sysselsette fordelt etter region. 2008-2010.¹⁸

¹⁸ Enkelte kommunar har så få innvandrara blant dei sysselsette at Statistisk sentralbyrå ikkje publiserer tal for desse kommunane. Det er derfor ikkje tilgjengelege tal for kommunane Rindal og Halså.



Figur 55. Omsetting per innbyggjar i detaljvarer fordelt på bukommune. 2008, 2009, 2010 og 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.




Figur 56. Prosentvis endring i folketal 1.1.2003-1.1. 2012 fordelt på kommune. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


Samla nedgang i perioden, størst Halså -6,5, prosent tilsvarande -115 personar, Surnadal -4,1 prosent, tilsvarande -256 personar, Sunndal 2,8 prosent, tilsvarande -209 personar, Tingvoll -1,4 prosent, tilsvarande -45 personar og Rindal -1,3 prosent, tilsvarande -27 personar

Tabell 45. Utviklinga i aldersgruppene 10-14 år og 50-54 år etter kommune. 1987, 1992, 1997, 2002, 2007, 2012. Faktiske tal. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


Kommune	Aldersgruppe	Tal personar					
		1987	1992	1997	2002	2007	2012
Tingvoll	10-14 år	255	179	225	206	192	187
	50-54 år	159	171	225	195	206	220
Sunndal	10-14 år	493	469	440	494	496	438
	50-54 år	389	333	448	439	548	568
Surnadal	10-14 år	476	381	403	403	449	425
	50-54 år	260	300	399	399	418	398
Rindal	10-14 år	180	126	112	131	161	161
	50-54 år	109	105	128	139	116	112
Halsa	10-14 år	145	134	115	118	84	101
	50-54 år	96	101	114	129	133	117




Figur 57. Relativ utviklinga av aldersgruppa 10-14 år i forhold til aldersgruppa 50-54-år i perioden 1987-2012 etter kommune. 1987-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB




Figur 58. Netto innenlandsk flytting for kommunane på Indre Nordmøre 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.




Figur 59. Nettoinnvandring for kommunane på Indre Nordmøre. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.




Figur 60. Samla flyttebalanse for kommunane på Indre Nordmøre. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.



Figur 61. Andel innvandrere i befolkninga fordelt etter opphavsregion og bukommune. 2003 og 2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.



Figur 62. Endring i innvandringsgrupper etter opphavsregion og bukommune. Perioden 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.



Figur 63. Kvinner i alderen 30-39 år etter kommune. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Referansar

- Amdam, J og Båtevik, F. O (2004). *Dei fragmeterte samfunna – analyse av utviklingstrekk og utfordringar på Indre Nordmøre*. Volda: Møreforsking.
- Båtevik, F. O og Tangen, G (2010). Kampen om kompetansen. *RISS 2010 – samfunnstrekk i Møre og Romsdal*, 3–5. Molde: Møre og Romsdal fylkeskommune
- Båtevik, F. O og Dvergsdal, G (2012). Vegbygging og regionbygging. *Plan, nr 5*, 22-27.
- Båtevik, F. O, Dvergsdal, G og Krumsvik, E (2012). *Ørsta, regionen og Eiksundsambandet*. Volda: Møreforsking.
- Engbretsen, Ø og Gjerdåker, A (2012). *Potensial for regionforstørring*. Oslo: TØI.
- Hanche-Olsen, Båtevik, F. O, Olsen, G. M og Yttredal, E. R (2011). *Dei nye hendene - Familieinnvandrere i helse- og omsorgssektoren*. Volda: Møreforsking.